

INNHALD

LEIAR	
Olav Veka: Verda er ikkje heilt den same	3
NORSK NAMNELAG	
Olav Veka: Styremøte i Norsk namnelag	4
Vantar du <i>Nytt om namn</i> 44?	5
MØTE OG KONFERANSAR	
Botolv Helleland: Internasjonal konferanse om namn og identitet	5
Peder Gammeltoft: Torp-konferanse i Malmö 25.–27. april 2007	8
Terje Larsen: Nordisk språkmøte 2007	8
NAMNEKONSULENTTENESTA	
Terje Larsen: Klagenemnda for stadnamnsaker	9
Terje Larsen: Spørsmål i Stortinget om stadnamn på Toten	13
Terje Larsen: Samrådsmøtet 2007	14
Terje Larsen: Forskrift til den reviderte stadnamnlova	14
NORMERING OG BRUK AV NAMN	
Botolv Helleland: Stadnamnlova – kulturvern eller irritasjon?	20
Trond Nygård: Hoel i Hallingdal – om «tvangsendring» av gardsnamn	24
NORNA-NYTT	
Botolv Helleland: Den 14. nordiske namnegranskarkongressen 10.– 14. august 2007. Framlegg om endring i vedtektene	25
ICOS-NYTT	
Botolv Helleland: <i>Onoma</i> 39 og ICOS-kongress	26
FN-NYTT	
Botolv Helleland: Eksonym eller endonym? Konferanse i Praha 17.– 18. mai 2007	27
ANNA MELDINGSSTOFF	
Anne Svanevik: Navnearbeidet i Statens kartverk i 2006	30
Anne Svanevik: Kroatisk «Sentralt stedsnavnregister» i oppstarten	32
Stipend for namnestudentar	34
Ola Stemshaug: Jørn Sandnes 1926–2007	35
Thorsten Andersson: Lars Hellberg 1914–2006	39
Botolv Helleland: Nytt tysk namnetidsskrift	41
ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN	
Frode Korslund: Gamle sognenavn på <i>-staðir</i>	42
Jana Liepina Vollestad: Etternavn i Latvia	45

Frank Aarebrot: Navneforskning og samfunnsforskning	51
BOKOMTALAR	
Tor Erik Jenstad: Urbane borgarskapsnamn	54
Botolv Helleland: Nytt band frå Den 21. internasjonale konferansen i namnegransking	55
Olav Veka: Internasjonalt leksikon over stadnamnledd	56
Leif Nilsson: Vad heter <i>Norge</i> på olika språk?	57
Botolv Helleland: Tilhøvet mellom elvenamn og innsjønamn	59
Olav Veka: Norsk Ordbok midtvegs	61
Botolv Helleland: Internasjonal artikkelsamling om eksonym	63
Botolv Helleland: Tyske stadnamn i genitiv	64

LEIAR

VERDA ER IKKJE HEILT DEN SAME

Verda er ikkje heilt den same, heller ikkje når det gjeld førenamn. Me som innimellom puslar med slektsgransking, veit godt at me nærast kan gå ut frå at oppkallingsskikken er følgd fram til mellomkrigstida, i alle fall i dei meir rurale stroka, som det heiter i sosiologen. Olav er oppkalla etter farfaren Ola, Elsa etter farmora Elsa, osv. Dei som på 1800-talet drog til Amerika, bar skikken med seg, men dei sleit med tilpassinga: *Anders* vart til *Andrew*, *Kari* til *Carrie* osv. Brotet med denne oppkallingsskikken opna for andre krefter som styrde namnevalet. Mange tydde til namnebøker, andre fann namn lenger bak i ætta enn oppkallingsskikken tillét, og andre såg utover grensene gjennom nye og meir internasjonalt orienterte medium som film, fjernsyn, vekeblad og populærmusikk.

Slik var stoda fram til breiband vart lagt i alle avkrokar og internett oppkopa i alle stover, like lett i Øvre Suldal som på Majorstua.

Somme massemedium og fagbøker er på vikande front i denne informasjonsfasen, også dei tradisjonelle namnebøkene som har vore den viktigaste faglege informasjonskjelda like sidan Aasens *Norsk Navnebog* frå 1878. Det dukkar stadig opp nye nettstader med namneforklaringar og råd om namngjeving, både knytte til kommersielle aktørar som gjerne vil selja «alt til babyen», og meir frittstående nettstader og heimesider drivne av spesielt interesserte og idealistar, også med eit godt fagleg grunnlag. Kvaliteten på desse nettstadene vil sjølvsagt variera, frå klønete etymologiar og tvilsame råd om namngjeving til eit meir fagleg forsvarleg innhald. Dersom ein går ut over grensene og klikkar på «Verda» i staden for «Noreg» i Google, vil spennvidda i namnestoffet auka kraftig, frå det reine tøv til det fagleg skikkelege.

Kva følgjer internettet kjem til å få for norsk namneskikk, er det førebels vanskeleg å seia noko sikkert om, som rimeleg er. Men den nye informasjonskjelda treng slett ikkje slå negativt ut, dersom ein med «negativ» meiner ein nedgang i bruken av norske namn og ei aukande internasjonalisering der grensene mellom norske og utanlandske (les: angloamerikanske) namn vert viska ut. Alt i dag er det i svært mange tilfelle berre etternamnet som avslører norsk nasjonalitet fordi etternamnet følgjer slekta uendra medan førenamnet kan veljast nytt for kvar generasjon. Ved å studera 20-på-topp-listene til Statistisk sentralbyrå (SSB) vil ein fort sjå dominansen av førenamn som går like godt i USA som i Noreg.

Slike lister kan vera villeiande, for dei viser ikkje den frodige underskogen av norske førenamn. Eg vil tru at mindre vanlege førenamn eller meir sjeld-

synte namn kan koma styrkte ut or folks nettsøk, fordi dei på ein enkel måte kan finna ut om namnet trass i alt er i bruk, kor mange som ber namnet, og ikkje minst kan folk som vil unngå bølgjenamna, finna andre alternativ. I det heile vert informasjonen om namn lettare tilgjengeleg, ikkje minst frekvensen gjennom SSBs populære namnesøk. Særleg frekvensen av eit namn er noko mange legg stor vekt på i namnevalet.

Olav Veka
veka@online.no

NORSK NAMNELAG

STYREMØTE I NORSK NAMNELAG

Styret i Norsk namnelag hadde styremøte 27. april 2007 i lokala til Namnegransking, Universitetet i Oslo.

Banktenestene er no lagde om til kontoar og nettbank i Nordea som gjer arbeidet til rekneskapsføraren enklare. Medlemstalet er like stabilt på ca. 380–390 medlemer. Økonomien er rimeleg god.

Styremedlemene og andre tillitsvalde vil prøva å spreia vervebrosjyra frå 2005 saman med einskildnummer av *Nytt om namn* der namneinteresserte folk møtest på konferansar, landsmøte og liknande stader. Etter kvart vil ein nettstad ta over mykje av den funksjonen sjangeren vervebrosjyre har i dag.

Fagtidsskriftet *Namn og Nemne* for 2006 låg framleis ikkje føre. Sidan den eine redaktøren som også er styremedlem, hadde meldt sjukdomsfråfall i siste liten, hadde styret ingen statusrapport å diskutera, men styret er uroa over den manglande framdrifta i utgjevinga av tidsskriftet.

Botolv Helleland orienterte om meldingsbladet *Nytt om namn*, som er i rute. Innhaldet i meldingsbladet vart diskutert, m.a. vart det etterlyst meir stoff omkring nettstader og artiklar på internettet om namn av alle slag. Det vart nemnt at mange private og kommersielle nettstader om namn har dukka opp dei siste åra, både nasjonalt og internasjonalt.

Fleire uttrykte frustrasjon over at forskriftene til den reviderte lova om stadnamn frå 1.8.06 framleis ikkje låg føre, med dei vanskanne det medførde for arbeidet med normering.

Leiaren orienterte om nettstaden som er under arbeid. Ein velutforma og mottakarretta nettstad vil gjera arbeidet til Namnelaget lettare, både med lags-

stoff til medlemene, hjelp til elevar i skuleverket som skriv om namn og opplysande stoff til folk som er interesserte i namn, og dei finst det mange av.

Leiaren oppmoda fagfolk til å skriva meir om namnefaglege emne i pressa, også reint fagstoff. Fagartiklar er populære i aviser og blad som freistar finna ei lønsam nisje i nedgangstidene for tradisjonelle papiraviser og blad.

Neste styremøte er planlagt til 16. november i Oslo i tilknytning til konferansen om namn og identitet (sjå eige oppslag nedanfor).

Olav Veka
veka@online.no

VANTAR DU NYTT OM NAMN 44?

Ved utsendinga av *Nytt om namn* nr. 44 vart det gjort ein ekspedisjonsfeil som førde til at nokre av medlemene i Namnelaget ikkje fekk bladet. Redaksjonen bed om at dei som vantar nr. 44, kontaktar oss slik at nummeret kan sendast ut i etterhand.

MØTE OG KONFERANSAR

INTERNASJONAL KONFERANSE OM NAMN OG IDENTITET

**Fredag 16. november 2007,
Universitetet i Oslo, Gaustadalleen 25**

**Arrangør: Forskargruppa for namn og identitet (Namnegransking),
Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo**

Namn og identitet er eit vidt forskingsfelt med mange innfallsvinklar, men òg med mange metodiske problemstillingar. Jamvel om namn ofte vert kopla til identitetsomgrepet, er det ikkje liketil å gå laus på dei spørsmåla som reiser seg. Den metodiske tilnærminga ligg ikkje i dagen. Identitet er ein abstrakt storleik, likevel med koplingar til konkrete tilhøve. Ein kan seia at namn er knaggar som ber oppe ulike former for identitet for dei som brukar namna. Det kan vera personnamn, stadnamn eller andre namn. Den finlandssvenske namnegranskaren Lars Huldén har sagt det slik: «Namn och

plats hör i hop, ... Namnet är en nyckel till minnen och upplevda intryck. Att känna samma namn är detsamma som att veta lite om varandra.» Korleis opplever t.d. dei mange tusen innvandrarene i Noreg tilhøvet mellom sine namneskikkar og norskspråklege namn? Kan ein tala om ein norsk-pakistansk namneidentitet, eller ein norsk-somalisk?

På Namnegransking ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo, er det skipa ei eiga forskargruppe kring namn og identitet, og den 16. november inviterer gruppa til ein konferanse med internasjonal deltaking. Gjennom tolv føredrag vil fagfolk frå seks land ta opp spørsmål som knyter seg til namn og identitet.

PROGRAM

- Kl. 08.45 Opning ved Kjell Ivar Vannebo (Oslo)
- Kl. 09.00 Adrian Koopman (Pietermaritzburg): Place-names and identities in a Zulu context [Stadnamn og identitet i ein zulu-kontekst]
- Kl. 09.30 Emmanuel Chabata (Oslo/Harare): The making of a Shona identity: the role of place-names [Bygging av ein shona-identitet – rolla til stadnamna]
- Kl. 10.00 Lars Kirkhusmo Pharo (Oslo): «Tonalism»: Name, soul, identity and destiny determined by the 260-day calendar in Mesoamerica [«Tonalisme»: Namn, sjel, identitet og lagnad etter 260-dagarskalenderen i Meso-Amerika]
- Kl. 10.30 Kaffipause
- Kl. 11.00 Ljubisa Rajić (Beograd): Place-names and ethnic identity in Serbia [Stadnamn og etnisk identitet i Serbia]
- Kl. 11.30 Terhi Ainiala (Helsingfors): Urban identities seen through place-names [Urbane identitetar sedde gjennom stadnamn]
- Kl. 12.00 Charlotte Hagström (Lund): Personal names and identity [Personnamn og identitet]
- Kl. 12.30 Lunsjpause
- Kl. 13.30 Guro Reisæter (Tromsø): Innvandrare og namneval i Tromsø – vidareføring eller tilpassing? (førebels tittel)
- Kl. 14.00 Solveig Wikstrøm (Oslo): Etternavn og identitet. Metode for en undersøkelse
- Kl. 14.30 Otto Krogseth (Oslo): Kollektiv identitet og kulturelt minne
- Kl. 15.00 Kaffipause
- Kl. 15.15 Erling Indreeide (Skedsmo): Når namnet avviser gjenstanden
- Kl. 15.45 Jon Holm (Oslo): Det navnløse landskapets identitet
- Kl. 16.15 Benedicta Windt (Oslo): Navn og identitet i litterære kontekster

- Kl. 16.45 Oppsummering og vidare fram
 Kl. 17.00 Avslutning
 Kl. 19.00 Sosialt samvær med rjomegraut på Sofies plass 1 ved Bislett.

Konferansen er gratis og er open for alle. Han skal vera i auditoriet i Gaustad-alleen 25, like opp for Blindern i retning Rikshospitalet. Påmelding innan 10. november til Namnegransking, ILN, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Telefon 22 85 43 78, faks 22 85 43 81. E-post: botolv.helleland@iln.uio.no

Føredragshaldarar og institusjonstilknytning:

Kjell Ivar Vannebo er professor og nestleiar ved Instiutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN), Universitetet i Oslo. *Adrian Koopman* er professor i språk ved KwaZulu-Natal-universitetet i Pietermaritzburg, Sør-Afrika. *Emmanuel Chabata* er frå Harare i Zimbabwe og har nyleg avslutta ei doktoravhandling i leksikografi ved ILN/Norsk Ordbok, Universitetet i Oslo. *Lars Kirkhusmo Pharo* er tilknytt Institutt for kulturstudium og orientalske språk og har nyss forsvare ei doktoravhandling om mesoamerikanske tidsritual. *Ljubisa Rajić* er professor i nordiske språk ved Universitetet i Beograd. *Terhi Ainiala* er namneforskar ved Forskningscentralen för inhemska språk i Helsingfors. *Charlotte Hagström* underviser på Avdelning för europeisk etnologi ved Lunds universitet og har gjeve ut boka *Man är vad man heter. Namn och identitet*. *Guro Reisæter* er universitetslektor ved Universitetet i Tromsø og har skrive hovudoppgåve om namn og innvandrarar i Tromsø. *Solveig Wikstrøm* er i gang med ei masteroppgåve om etternamn og identitet ved Namnegransking/ILN, Oslo. *Otto Krogseth* er professor i religionshistorie ved Institutt for kulturstudium og orientalske språk, Universitetet i Oslo, og er m.a. tilknytt eit forskingsprosjektet om kulturarv og identitet. *Erling Indreeide* er forfattar og bur i Skedsmo. *Jon Holm* er forskingskonsulent ved ILN, Universitetet i Oslo, og har disputert på ei avhandling om naturskildringa hjå den franske romantikaren François-René Chateaubriand (1768–1848). *Benedicta Windt* er doktorgradskandidat ved Namnegransking, ILN, Universitetet i Oslo, og skriv på ei avhandling om bruk av personnavn i Sigrid Undsets forfatterskap.

Arrangør for konferansen er Namnegransking ved forskargruppa «Namn og identitet», Institutt for lingvistiske og nordiske studium, med fyrsteamanuensis Botolv Helleland som hovudansvarleg.

Botolv Helleland
 botolv.helleland@iln.uio.no

TORP-KONFERENCE I MALMÖ 25.–27. APRIL 2007

Den 25.–27. april 2007 var Torp-forum vært for Tværfaglig torp-konference / Tvärvetenskaplig torp-konferens på Fridhemsborg, Malmö. Emnet for konferencen var stednavnetypen *-torp* der udgør den største enkeltgruppe af stednavne i Sverige og Danmark. På trods af intensiv forskning i navnetypen de seneste år står en række spørgsmål stadigvæk åbne: *torp*-navnenes alder, betydning og anvendelse.

Torp-forum er et dansk-svensk netværk af kulturgeografer, historikere, arkæologer og navneforskere der siden 2002 har mødtes et par gange om året til oplæg og diskussioner om navnetypen. Netværket har imidlertid besluttet at tiden nu var inde til at invitere til tværfaglig *torp*-konference for at få samlet en række foredragsholdere på tværs af fagdiscipliner og landegrænser for at kunne belyse centrale problemstillinger nærmere og få de nyeste forskningsresultater formidlet ud til en bredere skare.

Den tværfaglige *torp*-konference arrangeredes af forskere fra Københavns Universitet, Syddansk Universitet og Dialekt- og ortnamnsarkivet i Lund.

Peder Gammeltoft, København
gammelt@hum.ku.dk

NORDISK SPRÅKMØTE 2007

Nordisk språkmøde 2007 blir halde i Uppsala 7.–9. september. I år er temaet «Namn, namnvård och språkpolitik i ett mångspråkigt Norden i dag». Om föremål og program heiter det i innbydinga:

Syftet med konferensen är dels att jämföra erfarenheter av olika namnskick och principer för namnvård i de nordiska länderna, dels att diskutera i vad mån en mer utvecklad nordisk samsyn i namnvårdsfrågor är önskvärd och möjlig.

Programmet kommer att rymma föredrag som från språkliga eller rättsliga utgångspunkter överblickar och problematiserar namnfrågor i Norden i dag. Ämnena berör exempelvis:

- Ortnamn vid förvaltningsreformer: Vilka riktlinjer följs – och bör följas – vid exempelvis kommunindelningar, fastighetsreformer eller andra förvaltningsreformer?

- Minoritetsspråkens ställning i ortnamnsbruket: Hur är förhållandet mellan minoritetsspråk och huvudspråk på kartor, på väg- och gatuskyltar, i namnregister m.m.?
- Personnamnsbruk i invandrarspråk och personnamnslagstiftning: Vilket utrymme ger personnamnslagstiftningen för namnskick med rötter i utomnordiska kulturer, t.ex. andra former för familjenamn, patronymikon etc.?
- Personnamn som kulturarv eller uttryck för individuell identitet. I vilken utsträckning bör nya personnamn ansluta till etablerat namnskick? I vilken mån ska den enskilda individen ha frihet att bestämma sitt (och sina barns) namn?

Terje Larsen
terje.larsen@iln.uio.no

NAMNEKONSULENTTENESTA

KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER

Sidan 1993 har sekretæren for klagemennda for stadnamnsaker publisert vedtaka i *Nytt om namn*, fyrste gongen i nr. 19 (1994) og seinare i annakvart nummer (nummer med oddetal). Sidan det siste oversynet i nr. 43 – 2006 har nemnda hatt berre eitt møte, der desse vedtaka vart gjorde:

	Påkлага namneform, kommune, fylke	Namnetype	Ønsket åt klagaren	Vedtaka i klagemennda
1	Jøvatnet, Bjugn, STr.	naturnamn	Gjøvatnet	Jøvatnet
2	Kristskallfluen, Bjugn, STr.	naturnamn	Kristskallfluan	Kristskallfluen
3	Iovegen, Meland, Hl.	vegnamn	Ievegen	Ievegen
4	Rykkjem, Sunndal, MØRo.	bruksnamn	Røkkum	Rykkjem
5	Finnsås, Snåsa, NTr.	bruksnamn	Finsås	Finnsås
6	Djupvika, Rissa, STr.	bruksnamn	Dybvik/Dypvik	Djupvika
7	Innerråk, Rissa, STr.	bruksnamn	Indre-Råk	Innerråk
8	Saupstad, Trondheim, STr.	bruksnamn	Søbstad	Saupstad

Nokre opplysningar til oversynet:

Klagar

Bjugn kommune er klagar i sakene 1 og 2, medan Statens kartverk er klagar i sak 3. I sak 4, 6 og 7 er det eigar som er klagar, i sak 5 Snåsa kommune og

Nord-Trøndelag fylkeskommune, medan eigar og ein lokal organisasjon er klagar i sak 8.

Vedtaksorgan

Statens kartverk har vore vedtaksorgan i alle sakene unnateke sak 3.

Medhald/ikkje medhald

Som det går fram av oversynet, har klagar berre fått medhald i sak 3.

Dissensar i nemnda

Alle vedtaka har vore samrøystes.

Nokre av grunngevingane åt nemnda

Sak 4 galdt eit namn som fekk fastsett skrivemåten *Rykkjem* i 1992, men saka vart teken opp att i 2000. Av sakspapira går det fram at det var to grunnar til gjenopptakinga:

1. Eigarane hadde ikkje fått høve til å uttale seg i 1992.
2. Ein fann det naturleg å sjå denne saka i samanheng med namnet *Kvanne*. Her var det opphavlege vedtaket *Kvenna*, men etter klage frå kommunen og grendalaget vedtok klagenemnda skrivemåten *Kvanne* (sjå *Nytt om namn* nr. 31 – 2000).

Som det går fram av oversynet, var ønsket frå klagar skrivemåten *Røkkum*, men han fekk ikkje medhald. I vurderingane sine seier nemnda:

Nemnda finner det dokumentert at den tradisjonelle uttalen av dette navnet er /rykkjem/ eller /rykkjøm/. Av saksdokumentene går det fram at uttaleformen /røkkum/ også er brukt, men dette må være en nyere og skriftpåvirket uttale. Tolkningen av førsteleddet er usikker, mens sisteleddet i navnet er norrønt *heimr*. Bruksnavn med dette navneleddet tilhører en av de eldste navnegrupperne våre, og det synes å være enighet om at de i hovedsak kom til i hundreårene før vikingtida. Navneleddet blir skrevet på flere ulike måter, som mer eller mindre samsvarer med uttalen i dialektene, og i dette området har det som hovedregel vært normert til *-em*. Navnet er således skrevet *Røkkem* i matriklene 1886 og 1907, på amtskartet fra 1885, på kartblad 1420-4 fra 1970, 1974 og 1981 og på økonomisk kartverk. På fylkeskartet over Møre og Romsdal fra 1989 ble formen *Rykkem* brukt, mens *Rykkjem* ble vedtatt som skrivemåte i samband med revisjonen av kartblad 1420-4 i 1992. Denne

skrivemåten har også vært brukt i navnet på ferjeleiet fra 1997. Tidligere var skrivemåten *Røkkum*. Navnet var også poststedsnavn fram til 1936. I denne funksjonen har både *Røkkem*, *Røkkum* og *Rykkjem* vært brukt som skrivemåter, den siste formen fra 1929 til 1936.

Vi står i denne saken overfor et navn der den tradisjonelle uttalen /rykkjem/ eller /rykkjøm/ fremdeles er den vanlige, mens skriftradisjonen har variert. Som nevnt ovenfor er hovedregelen at en ved fastsetting av skrivemåten skal ta utgangspunkt i denne uttalen, og dette tilsier skrivemåten *Rykkjem*. Vedtak som fraviker denne hovedregelen, har nemnda fattet i enkelte tidligere saker, men da har det dreid seg om en nyere og utbredt uttale med forankring i en dominerende skriftradisjon. Dette vilkåret finner ikke nemnda er oppfylt i denne saken. Nemnda fastsetter skrivemåten til *Rykkjem*.

I sak 8 hadde eigar og Heimdal historielag klaga på vedtaket som Statens kartverk hadde gjort om skrivemåten av bruksnamnet *Saupstad* og ønskte i staden *Søbstad*. Forma *Søbstad* har vore mest nytta i lokal samanheng, medan *Saupstad* har vore brukt i matriklar og på kart. Også bygdeboka for Leinstrand brukar denne skrivemåten. Namnet blir nytta i ulike funksjonar, og det har vore mykje strid om skrivemåten. I 1970-åra vart forma *Saupstad* fastsett som skrivemåte i bydels-, skule- og poststadnamnet, men framleis ser ein formene bli brukte side om side, som på dette biletet frå *Namn i Noreg* av Ola Stems-haug (Det Norske Samlaget 1973):



Nemnda stadfeste vedtaket om skrivemåten *Saupstad*. I vurderingane sine seier nemnda:

Denne saken dreier seg om skrivemåten av førsteleddet, først og fremst bruken av monoftong (enkeltvokal) eller diftong (samband av to vokaler). Regler for bruken av monoftong og diftong er presisert i § 2-3 andre ledd, bokstav d i forskrifter gitt med hjemmel i § 12 i loven. Her heter det at en skal nytte monoftong eller diftong i samsvar med målføret. Nemnda finner det dokumentert at den nedarvede lokale uttalen for dette navnet er /saustannj/ med diftong, slik den er registrert i Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne. Søndre Trondhjems Amt*, utg. 1901, der innsamlingen ble gjort i 1880-årene. I forbindelse med utgivelsen ble det gjort nye uttaleregistreringer, og også her er /saustannj/ registrert. Av saksdokumentene går det videre fram at denne uttalen også er brukt i dag, selv om uttaleformene /saupsta/, /søbsta/ og /søpsta/ nå er de vanlige. Disse variantene må likevel være nyere og skriftpåvirkede uttaleformer.

Når det gjelder skriftradisjonen, har denne vært både vaklende og inkonsekvent. På 1500- og 1600-tallet er det likevel et så vidt sterkt innslag av former med diftong at en på grunnlag av det navnevitenskapen vet om forholdet mellom tale og skrift på denne tida, kan slutte at uttalen med diftong også må ha vært den vanlige uttalen da. Da arbeidet med å rette opp navneformene i matrikkelen og på kart begynte på slutten av 1800-tallet, ble skrivemåten *Saupstad* brukt. Dette gjelder blant annet matriklene fra 1886 og 1905, rektangelkart Trondheim utgitt 1878, 1906, 1917 og 1927 og amtskartet fra 1901. Som det går fram av saksdokumentene, har bruken av denne skrivemåten langt fra vært gjennomført, noe skrivemåten av navnet i kommunale sammenhenger viser. Både *Leinstrand bygdebok*, bind I, utg. 1957, og *Trondheim byleksikon*, utg. 1996, bruker imidlertid *Saupstad*.

Med hensyn til tolkningen av navnet finner ikke nemnda at den er av betydning for fastsettingen av skrivemåten.

Dersom en følger hovedregelen i § 4 første ledd for dette navnet, vil skrivemåten av navnet måtte bli *Saupstad*. Vedtak som fraviker denne hovedregelen, har nemnda fattet i enkelte tidligere saker, men da har det dreid seg om en nyere og utbredt uttale med forankring i en dominerende skriftradisjon. Dette vilkåret finner ikke nemnda er oppfylt i denne saken. Nemnda fastsetter skrivemåten til *Saupstad*. Nemnda vil legge til at den ikke kan se at vedtaket ville ha blitt annerledes etter ny og revidert lov.

Terje Larsen
terje.larsen@iln.uio.no

SPØRSMÅL I STORTINGET OM STADNAMN PÅ TOTEN

Hausten 2006 gjorde Statens kartverk vedtak om skrivemåten for ei rekkje gardsnamn i Østre Toten kommune. Fleire av vedtaka vart påklaga, og i mai stilte representanten Olemic Thommessen frå Høgre spørsmål til skriftleg svar med utgangspunkt i desse sakene. Spørsmålet var stilt miljøvernministeren, men vart sendt over til kulturministeren som rette vedkomande. Spørsmålet var:

«Er statsråden enig i at man ved eventuelle endringer av stedsnavn bare kan gjøre dette gyldig dersom eieren gir sitt samtykke?»

I grunngjevinga for spørsmålet seier Thommessen m.a.:

«Statens kartverk har satt i gang en prosess for å tvinge gjennom en del endringer av navn på eiendommer i Østre Toten kommune. Denne navneendringsprosessen har vakt sterke reaksjoner blant de berørte grunneiere. Det reageres på at kartverket vil endre skrivemåten av navn som er dokumentert brukt i offentlige dokumenter og kart i flere hundre år. Dette oppfattes som utidig innblanding i eiendomsretten fra det offentliges side. For mange oppleves dette som et angrep på en sterk identitetsfølelse basert på familienes tilknytning til gården gjennom mange generasjoner. Eksempler på dette er gårdsnavn/familienavn som Hveem der gården plutselig skal hete Kven [feil for Kvem], eller Hoel, der stavemåten kreves endret til Hol.»

Svaret frå kulturministeren lyder:

«Skrivemåten av stedsnavn reguleres av lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn. Loven ble endret etter vedtak i Stortinget 10. juni 2005. Formålet med stedsnavnloven er blant annet å ta vare på stedsnavn som kulturminner, og å gi dem en praktisk og anvendelig skriftform. Lovens § 4 angir utgangspunktet for fastsettelsen av skrivemåten av stedsnavn:

‘Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk.’

Ifølge § 8 kan eier eller fester fastsette navn på eget bruk, med følgende begrensning:

‘Skrivemåten av gardsnamn og bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som etter reglane i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal fastsetjast etter reglane i §§ 4 til 6.’

I realiteten omfattes de fleste gårdsnavn i Norge av dette unntaket, og skrivemåten skal dermed fastsettes med utgangspunkt i «nedervd lokal uttale» – og samsvare med norske rettskrivningsprinsipper.

Hva gjelder de konkrete sakene som nevnes i begrunnelsen for spørsmålet, må det poengteres at sakene i utgangspunktet er reist av Østre Toten kommune. Statens kartverk er vedtaksorgan i denne typen saker, og har derfor hatt sakene til behandling. Sakene er påklaget og ligger nå til behandling hos Klagenemnda for stedsnavnsaker.»

Det kan leggjast til at sakene også har vore debatterte i avisa Nationen, og det har vore innslag i Norgesglasset på NRK P1.

Terje Larsen
terje.larsen@iln.uio.no

SAMRÅDINGSMØTET 2007

Samrådsmøtet for dei namneansvarlege i Statens kartverk og namnekon-sulentane blir i år halde i Stavanger på Victoria Hotel 20.–21. september. Det faglege programmet er ikkje klart enno, men som vanleg vil ymse spørsmål knytte til stadnamnlova og praktiseringa av henne vera sentrale.

Terje Larsen
terje.larsen@iln.uio.no

FORSKRIFT TIL DEN REVIDERTE STADNAMNLOVA

Som nemnt i *Nytt om namn* nr. 43 (2006) tok den reviderte stadnamnlova til å gjelde 1. august 2006, og frå 1. juni 2007 er også ny forskrift på plass. Den nye forskrifta er meir generell enn den gamle, og i staden har departementet

utarbeidd ei rettleiing til forskrifta. Rettleiinga er omfattande og inneheld ordforklaringar og definisjonar, kommentarar til lovteksten, kommentarar til forskrifta og praktisk informasjon om saksgang og sentrale instansar i stadnamnarbeidet. Nedanfor prentar *Nytt om namn* forskrifta, men av plassomsyn kan vi ikkje prente rettleiinga. I staden viser vi til denne nettadressa:

www.regjeringen.no/nb/dep/kkd/aktuelt/nyheter/2007/Ny-forskrift-til-lov-om-stedsnavn-fastsa.html?id=471842. Ein kan òg finne forskrift og rettleiing på nettsidene til namnekonsulentane (www.stadnamn.org / www.stedsnavn.org), Språkrådet (www.sprakradet.no) og Statens kartverk (www.statkart.no).

Terje Larsen
terje.larsen@iln.uio.no

Forskrift om skrivemåten av stadnamn

Fastsett av Kultur- og kyrkjedepartementet 1. juni 2007 med heimel i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn m.m. § 13 første ledd.

§ 1 Generelle reglar om skrivemåten av stadnamn

Det skal takast omsyn til tidlegare normeringspraksis så langt ein kan gjere det utan å komme i strid med lova. Når nye namneobjekt skal namnsetjast, bør namneskikken på staden følgjast.

Ved namn på større og/eller særleg kjende lokalitetar kan det takast omsyn til innarbeidd skrifttradisjon. For samiske eller kvenske namn skal det særleg takast omsyn til munnleg tradisjon.

Skrivemåten i primærfunksjonen skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane.

§ 2 Normering av lydleg lånte stadnamn i fleirspråklege område

Lydleg lånte stadnamn som har fått ein innarbeidd uttale, skriv ein etter rettskrivingsreglane i låntakarspråket. (Døme 1: norsk *Badder*, kvensk *Paattari* av samisk *Báttar*. Døme 2: kvensk *Kiiperi* av norsk *Kiberg*.)

Ikkje-innarbeidd namneformer skal skrivast i samsvar med reglane i opphavsspråket. (Døme: *Šihčajávri*. Namnet skrivast etter reglane i nordsamisk fordi lokaliteten har ikkje-innarbeidd namn på andre språk.)

Om eit lånt stadnamn inneheld eit ledd, oftast forledd, som er brukt i eit stadnamn i eit anna språk, kan namneleddet skrivast i samsvar med rettskrivingsreglane i dette språket. Den andre delen av stadnamnet, oftast etterleddet, skriv ein i samsvar med rettskrivingsreglane i låntakarspråket. (Døme: *Kaiski-*

kotavatnet, Lallakuruvegen.) I andre tilfelle skriv ein namneleddet i samsvar med reglane i låntakarspråket. (Døme: *Tjorteberget, Gottivollen, Kontefjellet.*)

§ 3 Særlege reglar om skrivemåten av norske stadnamn

Ved fastsetjing av skrivemåten skal det veljast ei tillaten form i den målforma som passar best med den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det.

Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel rette seg etter gjeldande rettskriving.

Ved fastsetjing av skrivemåten av bruksnamn skal det leggjast særleg vekt på det ønsket eigaren har når det gjeld skrivemåte.

§ 4 Særlege reglar om skrivemåten av samiske stadnamn

Ved fastsetjing av skrivemåten av samiske stadnamn skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i nordsamisk, lulesamisk eller sørsamisk. Nordsamisk rettskriving skal brukast i Finnmark, Troms og i Nordland sør til Tysfjord kommune. Lulesamisk rettskriving skal brukast herfrå og sørover til Meløy kommune. Frå Rana kommune skal sørsamisk rettskriving brukast. I grenseområda for dei enkelte språkområda skal ein bruke den rettskrivinga som passar best med den nedervde lokale uttalen. Dersom det er brukt fleire samiske namn på same namneobjektet, skal det eldste namnet som hovudregel brukast av det offentlege.

I avveginga av dei ulike omsyna skal ein leggje særleg vekt på at stadnamna får ein mest mogleg einskapleg skrivemåte innanfor det samiske språkområdet.

Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving. Dialektformer av namn og namneledd som ikkje finst andre stader, kan ein skrive i samsvar med den lokale uttalen.

§ 5 Særlege reglar om skrivemåten av kvenske og skogfinske stadnamn

Ved fastsetjing av skrivemåten av kvenske stadnamn skal ein ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen.

§ 6 Bruk av eittspråklege namn

Når eit namneobjekt har berre eit samisk namn, eit kvensk namn eller eit norsk namn, skal dette namnet brukast utan omsetjing eller tilpassingar.

§ 7 Bruk av fleispråklege namn

Dersom eit namneobjekt har samisk og/eller kvensk namn i tillegg til eit norskspråkleg namn, og namneformene er i bruk blant folk som bur fast på eller har næringsmessig tilknytning til staden, skal begge eller alle namna brukast.

I samanhengande tekst bruker ein det namnet som samsvarer med språket i teksten.

På skilt eller kart o.l. der det blir brukt meir enn eitt namn, skal vedtaksorganet fastsetje rekkjefølgja av namna. Ved fastsetjing av rekkjefølgja skal ein ta omsyn til språkbruken på staden. I forvaltningsområdet for samisk språk skal rekkjefølgja vere samisk, norsk, kvensk.

Der det av praktiske årsaker er særskilt vanskeleg å bruke fleire namn, skal det ved valet mellom norsk, samisk og kvensk leggjast vekt på kva for eit namn som har lengst tradisjon og er best kjent på staden. Det norske namnet treng ikkje vere med dersom det er ei fornorska form av det samiske eller kvenske namnet, skil seg lite frå det og ikkje er i vanleg bruk i den norske forma. (Døme: norsk *Skaidi* av samisk *Skáidi*.)

§ 8 Saksbehandling

Dei som vil ta opp saker om fastsetjing av skrivemåten av stadnamn, må ta dei opp med det organet som etter stadnamnlova § 5 andre til fjerde ledd skal gjere vedtak om skrivemåten. Organet skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak. Dersom ei sak synest å vere særleg innfløkt, kan det innhentast førebels tilråding frå namnekonsulentane.

Vedtaksorganet skal førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald. Det skal setjast av to månader til høyring av dei som etter stadnamnlova § 6 første ledd har rett til å uttale seg, og to månader til saksbehandlinga hos namnekonsulentane.

I område med samiske og/eller kvenske stadnamn må saka også sendast til namnekonsulentane for samisk og/eller kvensk slik at dei kan vurdere om saka gjeld parallellnamn og gi ei førebels tilråding om skrivemåten. Samiske og kvenske organisasjonar skal få saker som gjeld samiske og kvenske stadnamn, tilsende direkte.

I saker der same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen fastsetjast først. Vedtaksorganet må sjå til at alle funksjonane av namnet blir tekne opp i namnesaka. Namnekonsulenttenesta samordnar vedtaksprosedyren slik at skrivemåten i primærfunksjonen blir vedteken først.

Statens kartverk kan gjere samlevedtak for skriftformer av namn eller namneledd innanfor same administrative område. Slike vedtak kan gjelde

naternamn og umatrikulerte seternamn. Samlevedtak kan berre brukast der dialektformene i det aktuelle området gjer slike vedtak naturlege.

§ 9 Vedtak

Vedtak skal vere skriftlege. Fagleg grunngiving for avgjerda skal givast samtidig med vedtaket for bruksnamn og gardsnamn. Dei som har klagerett etter stadnamnlova § 10 første ledd, kan krevje å få grunngivinga etterpå for andre enkeltnamn. Grunngivinga skal vise til den regelen vedtaket byggjer på, og om nødvendig sitere denne. Dei faglege føresetnadene og den vurderinga som ligg til grunn for vedtaket, skal også takast med.

Melding eller kunngjering om vedtak skal innehalde opplysningar om klagerett, klagefrist, framgangsmåte ved klage, vidare om rett til å sjå saksdokumenta og om høve til å søkje om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga avgjord.

Klagefristen er tre veker frå melding om vedtaket er kommen fram. Dersom meldinga skjer ved offentleg kunngjering, tek klagefristen til den dagen vedtaket blei kunngjort første gongen.

Det organet som gjer vedtak, skal sende melding til partane i saka, til vedkommande kommune/fylkeskommune (jf. stadnamnlova § 6 første ledd) dersom kommunen/fylket ikkje sjølv er vedtaksorgan, til statlege organ som skal bruke namnet i tenesta, til namnekonsulenttenesta og til Sentralt stadnamnregister (sjå § 15).

Vedkommande kommune skal syte for å gjere vedtaket kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter stadnamnlova § 10 første ledd. Gjeld vedtaket eit bruksnamn, eller eit gardsnamn som utgjer heile eller delar av eit bruksnamn, skal kommunen òg sende vedtaket direkte til eigar/festar dersom eigar/festar ikkje er part i saka.

§ 10 Klage

Klage skal grunngivast, og grunngivinga må behandle alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Klage skal sendast til det organet som har fastsett skrivemåten, med kopi til vedkommande kommune der kommunen ikkje er vedtaksorgan. Med dei unntaka som går fram av §§ 6 og 10 i stadnamnlova, gjeld kapittel VI i forvaltningslova.

§ 11 Klagenemnda

Klagenemnda skal oppnemnst av departementet. Medlemmene blir oppnemnde for fire år om gongen.

Nemnda skal ha ein fast leiar med dommarkompetanse og ein annan fast medlem oppnemnd på fritt grunnlag. I tillegg skal det oppnemnast ein språkkunnig representant for kvar av dei to offisielle målformene, ein kunnig i samiske språk og ein som er kunnig i kvensk. Medlemmene skal ha personlege varamedlemmer. Nestleiar er vara for leiar.

Klagenemnda vil etter dette ha fire medlemmer ved behandling av norske stadnamn, elles minst tre medlemmer. Dersom stemmetalet står likt, avgjer leiaren saka.

Når det gjeld norske stadnamn, er klagenemnda vedtaksfør når minst tre medlemmer er til stades, av desse leiar eller nestleiar. I saker som gjeld samiske eller kvenske stadnamn, må nemnda vere fulltalig, det vil seie leiar eller nestleiar, medlem oppnemnd på fritt grunnlag og den sakkunnige i samisk eller kvensk.

§ 12 Verknad av klage

Underinstansen, klageinstansen eller eit anna overordna organ kan fastsetje at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Avslag på søknad om utsetjing skal vere grunngitt.

§ 13 Gjenopptaking

Vedtaksorganet avgjer om ei sak skal takast opp att. Det gjeld òg saker som har vore behandla i klagenemnda. Avslag på gjenopptaking kan påklagast til klagenemnda. Vedtaksorganet avgjer om saka skal ut på høyring.

§ 14 Stadnamnkonsulenttenesta

Det skal oppnemnast to namnekonsulentar for norskspråklege stadnamn for kvart av dei geografiske områda Austlandet med Agderfylka, Vestlandet, Midt-Noreg og Nord-Noreg. Det skal også oppnemnast namnekonsulentar for nord-, sør- og lulesamisk og for kvensk. Konsulentane blir oppnemnde på åremål for seks år om gongen.

Konsulentane skal gi råd og rettleiing til offentlege organ og andre som skal fastsetje skrivemåtar. Dei kan også gi råd i spørsmål om namnsetjing og elles svare på spørsmål om stadnamn og stadnamnbruk generelt.

§ 15 Sentralt stadnamnregister

Registeret skal innehalde opplysningar om alle stadnamn som har fått skrivemåten vedteken etter lova. I tillegg skal registeret innehalde flest mogleg av andre stadnamn som er godkjende og brukte i offentleg samanheng etter gammalt regelverk.

For alle namna skal registeret ha opplysningar om:

- a) skrivemåte av namnet
- b) status for skrivemåten (vedteken, godkjend, avslått m.m.)
- c) språk eller språkform (norsk, kvensk, nord-, lule- eller sørsamisk)
- d) objekttype (grend, gard, bruk, veg, vatn, elv, nes osv.)
- e) om det finst fleire namn i same språkform for same namneobjekt, kva for namn som er mest vanleg brukt der ein har kunnskap om det
- f) koordinat med referanse til eit nasjonalt brukt koordinatsystem
- g) administrativ tilhøyrse (kommunenummer)

For vedtekne namn skal registeret i tillegg ha følgjande opplysningar:

- h) kven som har gjort vedtaket, og vedtaksdato
- i) identitetsnummer i det sentrale eigedomsregisteret (tidligere GAB (grunneigedoms-, adresse- og bygningsregisteret)/matrikkelen) for namn som også skal brukast i dette registeret

For namn med status godkjend skal i tillegg registrerast:

- j) kva for offentleg bruk (t.d. kart, skilt) namnet er henta frå og publiseringsår eller tilsvarande

Statens kartverk er registerstyresmakt og skal syte for at opplysningane er allment tilgjengelege. Statens kartverk er ansvarleg for å utarbeide dei standardane og rutineane som skal nyttast ved rapportering til registeret. For vedtak som også skal brukast i GAB/matrikkelen, skal Statens kartverk syte for oppdatering mellom dei to registera.

Når eit namn ikkje er behandla etter reglane i lov om stadnamn, og to eller fleire skrivemåtar av namnet på same språk er i offentleg bruk og er registrert i Sentralt stadnamregister (SSR) som godkjende skrivemåtar, bør ein i offentleg bruk velje den skrivemåten som har status som godkjend i SSR.

§ 16 Iverksetjing

Desse forskriftene tek til å gjelde straks. Frå same tid blir forskrift 5. juli 1991 nr. 456 om skrivemåten m.v. av stadnamn oppheva.

NORMERING OG BRUK AV NAMN

STADNAMNLOVA – KULTURVERN ELLER IRRITASJON?

Misnøye med skrivemåten av stadnamn kjem ofte til uttrykk i media. Misnøya rettar seg særleg mot Statens kartverk, som fastset skrivemåten av dei fleste stadnamna, også gards- og bruksnamn. Når innarbeidde namneformer

vert «retta», kjenner mange det som overgrep mot eigen identitet og brot på demokratiet. Om den nyss reviderte stadnamnlova vil endra på dette, står det att å sjå.

I fleire aviser, m.a. i *Nationen*, har det i det siste kome sterke meiningsytringar om namnepraksisen til Statens kartverk. Det er særleg på Toten folk kjenner seg råka i denne omgangen. Kartverket har fastsett skrivemåte av namn på ei rekkje eigedomar i Østre Toten, fleire av desse til kraftige protestar frå eigarane og til dels andre. Mellom dei namna som har fått fastsett skrivemåte, er *Annekstad*, *Hol*, *Kvem* og *Skjøl*. Her vil eigarane ha *Annexstad*, *Hoel*, *Hveem* og *Schjøll*.

Det er ikkje merkeleg at folk reagerer på slike vedtak. Det er jo eit menneskeleg trekk å kjenna uvilje når noko som er innarbeidd, skal bytast ut med noko anna. Og oftast kjem slike endringar utanfrå som påbod. Når det gjeld stadnamn og namn i det heile, er dei nært knytte til identiteten til dei som har dei aktuelle namna. På same måte som eit førenamn eller etternamn er noko ein helst ikkje skal tukla med, skal stadnamna òg haldast oppe i si tilvande form. Dei skrivemåtane ein lenge har sett på skilt og i andre samanhengar, skal det helst ikkje rørast ved. Eit tilhøve som er spesielt for Noreg, er at svært mange har eit gardsnamn til etternamn, og særleg når dei bur på garden og har gardsnamnet til etternamn, vil dei gjerne at namnet skal skrivast likt i baa funksjonane.

Dette er neppe ukjent for Kartverket og dei som elles er med på å fastsetja skrivemåten av stadnamn. Og vedtak om stadnamn er heller ikkje noko som Kartverket gjer for moro skuld. Det ligg ei lov bak, lov om stadnamn. Denne lova vart fyrst vedteken 18. mai 1990 og revidert så nyleg som i 2005. Og no i desse dagar har dei nye forskriftene teke til å gjelda. Forskriftene saman med lovteksten gjev reglar for korleis lova skal praktiserast.

Stadnamnlova har ei lang forhistorie, og utan å gå i detalj her kan det vera opplysende å peika på nokre hovudpunkt. Då den norske nasjonen i fyrste halvdel av 1800-talet opplevde ei språkleg og kulturell vakning, oppdaga dei at stadnamna var skrivne på ulike måtar i ei vaklande dansk rettskriving. I 1838 skulle matrikkelen reviderast, og Gerhard Munthe fekk i oppgåve å gå gjennom gardsnamna språkleg. Han retta han opp mange mistydingar og feilskrivningar, som *Sneaasen* for *Snåsa* og *Hvidesøe* for *Kviteseid*. I 1863 gjorde Stortinget vedtak om ei ny matrikkelutgåve, og i 1878 vart det sett ned ein kommisjon til å gjera ei omfattande språkleg gransking av dei kring 50 000 gardsnamna i matrikkelen. Denne kommisjonen, der dei kjende filologane Sophus Bugge, Oluf Rygh og Johan Fritzner var med, samla uttaleopplysningar og gamle skriftformer som vart lagde til grunn for ein ny revisjon av skrivemåten i matrikkelutgåva frå 1886. Prinsippet var å etablera ein skrive-

måte bygd på uttale og historisk form, og dermed ei vidareføring av oppnorskinga i 1838-matrikkelen. Enno medan dansk var vanleg skriftmål i landet, vart stadnamna normerte etter same prinsipp som i seinare rettskrivingar i bokmål og særleg nynorsk. Ein stor del av gardsnamna har faktisk same skrivemåte i dag som i 1886-matrikkelen.

Den lokale målføreuttalen har alltid vore eit viktig grunnlag for normering av stadnamn. Men namna måtte normerast etter visse rettskrivingsprinsipp, og for svært mange namn låg landsmålet, seinare nynorsken, best til rette som rettesnor. Då Noregs geografiske oppmåling i 1912–13 fastsette nye retningsliner for stadnamn på kart, heitte det at namna skulle skrivast «i stedets dialekt med landsmaalets rettskrivning». Passusen om at nynorsk skulle vera skriftnorm, gjaldt heilt fram til 1991, då den nye stadnamnlova tok til å gjelda.

Normering av gardsnamn har heile tida vore ei juridisk nøtt. For den offentlege retten til å fastsetja skrivemåten av bruksnamn (som ofte var identiske med gardsnamna) kolliderte med ein gamal paragraf i skylddelingslova (seinare delingslova) som gav grunneigaren ein viss rett til å avgjera skrivemåten av eigedomsnamnet. Kartverket og det offentlege elles hadde berre ein kongeleg resolusjon å halda seg til, og ein del grunneigarar saman med skarpe juristar gjekk til sak mot staten på slutten av 1950-åra. Det enda i Høgsterett, som i sin dom gjorde det klart at staten ikkje hadde lovheimel til å fastsetja skrivemåten mot ynsket til eigarane. Dersom staten meinte å ha trong for ein slik heimel, måtte han skaffast gjennom lovgjeving.

Dermed byrja prosessen som tretti år seinare førde fram til stadnamnlova. Men denne lova vidarefører i hovudsak same retningslinene for normering som tidlegare. Skrivemåten av eit stadnamn skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale dialekten, samstundes som vanlege rettskrivingsprinsipp skal fylgjast, og ein skal nytta den rettskrivingsforma i bokmål eller nynorsk som høver best med uttalen.

Ei viktig side ved stadnamnlova er at alle namnesaker skal ut til høyring før vedtak. Dei viktigaste høyringspartane er kommunane, og grunneigarane for dei namna som gjeld deira eigedom. Elles har vellag, historielag, grendelag og andre relevante organisasjonar høyringsrett. Høyringsrunden er nyttig både som tilbakemelding til vedtaksorganet og som del av ein demokratisk prosess. I vedtaksprosessen spelar namnekonsulenttenestene ei viktig rolle. På grunnlag av opplysningar om dei einskilde namna og namnefagleg kompetanse allment gjev dei tilrådingane sine til vedtaksorganet. Etter at lova vart revidert, har Kartverket vedtaksrett for all statleg namnsetjing der ikkje andre lover seier noko anna. Det gjeld òg gards- og bruksnamn. Med omsyn til bruksnamna, som er stridsemnet på Toten, så har grunneigarane fått høve til å uttala seg, men i mange saker har dei ikkje fått medhald av di andre reglar i lova

seier noko anna. Det skal òg nemnast at i samband med høyringa stilte Kartverket og Namnekonsulenttenesta opp på lokale møte for å orientera om innhaldet i lova.

Naturlegvis vil det vera avvegingar, og i mange høve har høyringsrunden gjort at namnekonsulentane har endra på den opphavlege tilrådinga si. Kartverket er berre glade for at dei kan gjera vedtak som vert godt mottekne, men lova set grenser. Ofte er det usemje om kva som er den nedervde dialektforma, eller i alle fall kva dialektform som skal leggjast til grunn. For gardsnamn vil det ofte vera ein konkurrerande uttale i same namnet nytta som etternamn, og den gamle dialekten lever til dels sitt eige liv i bakgrunnen. Men det er den folkelege bygdeuttalen som knyter banda bakover, og som ei kulturminnelov er stadnamnlova med på å sikra dette bandet gjennom ei skriftform som reflekterer den overleverte uttalen. Ein må heller ikkje gløyma at mange stadnamn, ikkje minst gardsnamna, kan vera fleire hundre år gamle; mange kom til lenge før kristendomen var innført. I dette perspektivet må ein sjå på stadnamna som ein felles kulturarv. Det er tale om eit tilfang som oftast har ei lengre historie enn dei noverande slektene på garden. Då kan det ikkje vera slik at dei som tilfelleleg sit på garden, skal ha råderett over denne delen av namneskatten vår.

Eit anna prinsipp som det har vore lagt vekt på sidan stadnamnormeringa byrja, er einskap; det tyder at det same stadnamnet – i store drag – skal skrivast likt anten det er naturnamn eller gardsnamn. Det vert stundom hevda at det ikkje gjer noko om eit stadnamn skifter i skrivemåte, og at den einskilde grunneigaren tek hand om namnet på sin eigedom. Lat oss ta eit tenkt døme: På garden *Nes* med tre jamstore bruk sit *Oskar Næss* på det eine, *Sverre Næs* på det andre og *Valborg Nes* på det tredje. Alle tre ynskjer skrivemåten av sitt etternamn som namn på bruket. Det seier seg sjølv at namnebruken vil verta nokså uoversiktleg om ein skal operera med både *Nes*, *Næs* og *Næss*. Det fornuftige må vera å nytta *Nes* i samsvar med skrivemåten av det vanlege ordet *nes*.

I norsk rettskriving er det eit gjennomgåande prinsipp at lang vokal skal skrivast enkel, t.d. *Dal*, *Li* og *Hol*. Dei som sit på gardane, kan føretrekkja *Dahl*, *Lie* og *Hoel*, i samsvar med etternamna (som ikkje er regulerte av stadnamnlova). Sameleis seier norsk rettskriving at ein skal skriva *Voll* for *Vold* eller *Wold*, *Voksen* for *Woxen* osv. Men det er nettopp dei formene som bryt med rettskrivinga, som er nytta til etternamn, og dermed oppstår motsetningar av det slaget ein møter på Toten og mange andre stader i landet.

Truleg må ein leva med desse motsetningane. Kanskje ein i sterkare grad skulle framheva den verdien som dei dialektbaserte, normerte formene har som representantar for kulturarven. Den norske bonden sit på språklege av-

trykk med monaleg lengre røter enn frå den tida dei danskkunnige kontori-
stane rissa dei bokstavrike formene sine i matriklar og skattemanntal.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

*Ein stuttare versjon av denne artikkelen stod på prent
som kronikk i Nationen 13. juni 2007.*

HOEL I HALLINGDAL – OM «TVANGSENDRING» AV GARDSNAVN

Det krangles om skrivemåten av stedsnavn på Toten. To av bygdas større bøn-
der har skrevet flere innlegg i avisene der de klager over «tvangsendring» av
gardsnavn. Grunntonen er at de er «overkjørt» og «sensurert» av myndig-
hetene, fordi Statens kartverk og andre offentlige myndigheter merkelig nok
må ta hensyn til sin egen lovgivning og rettskrivning!

I 1996 fremma Østre Toten kommune navnesak for en del gardsnavn i
bygda. Bakgrunnen var den vanlige: For samme gard ble det brukt minst to
forskjellige skrivemåter. Etter at Kartverket i fjor gjorde sitt vedtak, har
grunneierne klaga på at det er innført «nye» stavemåter. Toten-bøndene er
tydeligvis ikke klar over at alt 1886-matrikkelen har fulgt moderne rettskriv-
ningsprinsipper. Her står det både *Hol*, *Hom*, *Kile*, *Kvem* og *Anekstad*, ikke
Hoel, *Homb*, *Kihle*, *Hveem* og *Annexstad*. Ikke helt nytt, med andre ord.

Totningene har nok heller ikke lest sin egen bygdebok. I *Totens bygdebok*
bind III opereres det med omtrent de samme skrivemåtene som Kartverket nå
har vedtatt. I det lokalhistoriske miljøet på Toten er også *Kvemsbygningen* et
begrep. Den gamle hovedbygningen fra Kvem står nå på museet i bygda, og
ingen vil der tale om *Hveemsbygningen*!

Og hvorfor vil Toten-bøndene at det skal være ei rettskriving på Toten, og
ei i Norge? Er det ikke praktisk at Hol på Toten skrives nettopp *Hol*, når
hallingdalsbygda Hol greier seg uten innskutt *e*? Men totningene har vel ver-
ken hytte på Geilo eller båt i Frognerki(h)len. Som totning forbeholder jeg
meg retten til å være uenig med totningene.

Trond Nygård,
historiker (og totning)
trond.nygard@mjosmuseet.no

NORNA-NYTT

DEN 14. NORDISKE NAMNEGRANSKARKONGRESSEN

10.–14. AUGUST 2007

Framlegg om endring i vedtektene

Den 14. nordiske namnegranskarkongressen vert skipa til i Borgarnes på Island 10.–14. august 2007. Det er påmeldt over 80 deltakarar, og rundt 45 av dei skal halda føredrag. Av dei er 9 frå Noreg. Meir informasjon på internettet på denne adressa: www.arnastofnun.is.

På denne kongressen skal det veljast nye representantar til NORNA-komiteen. Valet er særleg viktig for Noreg, ettersom det er Noregs tur å ha leiarskapet i NORNA. I den perioden som no går ut, har Island hatt ansvaret, med Svavar Sigmundsson til leiar.

Den nordiske namnegranskarkongressen er den lovgjevande forsamlinga i NORNA og har mynde til å endra lovene til organisasjonen. På den førre kongressen i Tällberg i Sverige i 2003 vart det teke til ords for å endra lovene («stadgarna») til NORNA på eit par punkt, og det vart fylgt opp av NORNA-komiteen, som på møtet sitt 27. april 2007 formulerte desse framlegga til endring av vedtektene:

«a) Stadgar § 2, sidste punktum slettes.

Nuværende ordlyd:

‘Kommittémedlem och suppleant kan väljas högst tre perioder i följd [antagen 22 juni 1994].’

Motivation:

Bestemmelsen medfører, at Færøerne fremover vil have svært med at stille med en repræsentant. I Tällberg foreslog Bent Jørgensen og Botolv Helleland, at sætningen slettes. Komiteen kan støtte forslaget.

b) Stadgar § 3, sidste punktum slettes.

Nuværende ordlyd:

‘Sekreterare och kassör bör av praktiska skäl hämtas från samma land som ordföranden.’

Motivation:

Leif Nilsson gjorde i Tällberg opmærksom på, at kassörfunktionen i lang tid har været placeret i Uppsala. Det forekommer desuden lidt inkonsekvent, at den ansvarlige for NORNA-förslaget og NORNAs hjemmeside ikke nævnes. Endelig har den moderne kommunikation pr. e-mail ændret vilkårene for sekretærarbejdet. Det letteste er derfor at slette sætningen. Komiteen kan støtte forslaget.»

Når det elles gjeld NORNA-verksemnda, kan det nemnast at det er planlagt eit NORNA-symposium med tittelen *Namn och kulturella kontakter i Östersjöområdet 2* i Hapsal, Estland, 22.–25. mai 2008. Her er Leila Mattfolk kontaktperson. Vidare har den noverande NORNA-komiteen kasta fram tanken om å la urbane namn og namn i mellomalderlege kolonisasjonsbygder i og utanfor Norden verta emne for framtidige symposium.

Nytt om namn freistar å informera om dei viktigaste tiltaka i NORNA, men detaljane finn ein på heimesida deira: www2.sofi.se/NORNA/NORNA.html.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

ICOS-NYTT

ONOMA 39 OG ICOS-KONGRESS

ICOS (International Council of Onomastic Sciences) melder at *Onoma* nr. 39 har kome ut. Det har undertittelen *Name Research and Teaching* [Namnegransking og undervisning] og er på om lag 300 sider. Dei 21 medarbeidarane kjem frå 16 ulike land og har skrive på engelsk, fransk eller tysk. Botolv Helleland har vore gjesteredaktør. Heftet vert omtala i neste nummer av *Nytt om namn*.

Den 23. ICOS-kongressen skal haldast ved York University, Toronto, Canada i tida 17.–22. august 2008, sjå www.yorku.ca/vpaweb/ICOS2008/. Desse temaa er sette opp: «Names in Contact» og «Names in a Multi-Lingual, Multi-Cultural, Multi-Ethnic World». Dessutan skal det vera spesialseksjonar om «Alpine Names», «Jewish Names» og «Aboriginal/Indigenous/First Nations naming» (den siste med Kaisa Rautio Helander som ansvarleg).

Meir om verksemnda til ICOS finn ein på heimesida www.icosweb.net.

BH

FN-NYTT

EKSONYM ELLER ENDONYM?

Konferanse i Praha 17.–18. mai 2007

I terminologilista til FN over termar nytta i samband med normering av stadnamn er *eksonym* ført opp med denne, litt snirklete, definisjonen (omsett av meg):

Namn brukt i eit visst språk om eit geografisk objekt (*feature*) som ligg utanfor det området der dette språket har offisiell status, og som har ei anna form av namnet enn den som er brukt i det offisielle språket eller språka i området der det geografiske objektet ligg.

Dette kan lett demonstrerast med den tyske namneforma *Mailand* for *Milano*. *Mailand* er eit tysk eksonym, medan det norske *Milano* er eit endonym av di det samsvarar med den italienske namneforma.

FN har vedteke fleire resolusjonar om eksonym. Den fyrste kom på FN-konferansen om geografiske stadnamn (London i 1972), der det vart oppmoda om at dei einskilde landa skulle laga lister over eksonym i bruk og vurdere om ein del av dei kunne takast bort før listene vart publiserte. Den fjerde konferansen i 1982 kom med fylgjande resolusjon:

Sidan eksonym fører til internasjonale problem, bør dei brukast minst mogeleg og då i parentes etter dei nasjonalt aksepterte/normerte namneformene.

For å intensivere arbeidet med eksonym vart det på FN-konferansen i Berlin i 2002 tilrådd at det skulle skipast ei arbeidsgruppe under UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names). Det var kanskje ikkje uventa at engelsk- og tysktalende land var særleg interesserte i ei slik gruppe. Peter Jordan frå Austerrike vart leiar, og han har alt arrangert fleire møte i gruppa. No nyleg vart det halde ein konferanse om temaet i Praha, og det på dagane 17.–18. mai, eit lite høveleg tidspunkt for norske deltakarar.

Når ein ser på den utbreidde bruken av eksonym i dei store språka, skjønar ein at dei ikkje har så lett for å kvitta seg med dei. Fleire av innlegga på konferansen gav då òg inntrykk av å vera eit forsvar for eksonym. Så det var med god grunn at leiaren for UNGEGN, Helen Kerfoot frå Canada, minte forsamlinga om at FN hadde eit program om å minske bruken av eksonym.

Botolv Helleland, som heldt eit innlegg om eksonym frå norsk synspunkt, hadde eit heldigare utgangspunkt ettersom Noreg har færre eksonym enn dei

fleste andre landa i Europa. Medan svenskane nyttar *Florens*, *Neapel*, *Rom* og *Turin*, er nordmennene fortrulege med dei italienske formene *Firenze*, *Napoli*, *Roma* og *Torino*. Sameleis nyttar nordmennene *Praha*, som svarar til den tsjekkiske forma, i motsetnad til *Prag* på svensk.

Når Noreg kom til å kvitta seg med ein god del eksonym, kan det delvis sjåast i samanheng med atterreisinga av det norske namneverket etter dansketida. Dei fyrste tiåra etter 1900 vart ei mengd administrative stadnamn oppnorska, og då det ikring 1920 vart aktuelt å laga ei liste over utanlandske stadnamn, var det Hjalmar Falk og Marius Hægstad som var med og la premisane, altså dei same som stod i brodden for namnerevisjonen. I føreordet til *Geografiske fremmednavn*, redigert av Aksel Arstal og utgjeven på Det Malingske Bogtrykkeri 1922, skriv dei:

Med hensyn til skrivemåten av geografiske navn i det hele i vårt land er det en velkjent sak at vi endog en rum tid inn i forrige århundre brukte omtrent utelukkende dansk skriftmønster og rettet oss efter den smak som var den rådende i Kjøbenhavn. Våre egne norske stedsnavn blev gjerne omskrevet så de kunde passe inn i den danske sprogorganisme: Akershus blev til Aggershus, Larvik til Laurvig ... Gjaldt det stedsnavn utenfor Danmark og Norge, fulgte danskene Tysklands mønster, og det omtrent overalt. Og resultatet av dette blev at vi fikk en mengde fremmede navneformer i tysk sprogdrakt «importert» over Danmark: ... Italien, ... Florents ...

Og vidare:

På denne måte har vi fått en masse navneformer fra den vide verden, som hverken stemmer overens med det rette navn som brukes på vedkommende sted, og heller ikke er en naturlig nasjonalisering av det rette navn efter vårt eget sprogs analogier, men en tysk omformning, til dels endog bare en dansk nasjonalisering av den tyske omformning. At dette i flere henseender er et uheldig forhold, er lett å påvise. Den del av utlandet som vi kommer i berørelse med og som legger merke til forholdet, må få et underlig inntrykk av vår kultur og vår selvstendige nasjonalitets styrke, som ytrer sig på den usedvanlige måte at vi hverken kan gjengi fremmede navn i deres egen virkelige form og heller ikke har evne til en naturlig omformning på basis av vårt eget sprog, men stadig må ty til Tyskland og Danmark og låne deres navn.

Dette har vore ei leiesnor for arbeidet med lista. Arstal formulerte desse prinsippa for val av namneform:

- a) tradisjonell norsk skrivemåte,
- b) skrivemåte i landet der namnet finst,
- c) skrivemåte nytta i dei språka som er mest nytta, og moglege endringar i dei språka,
- d) venta utvikling i bruken av utanlandske geografiske namn.

Av utanlandske program viste Aksel Arstal til United States Geographic Board, som hadde uttrykt fylgjande:

Det er absolutt ynskjeleg og rettkome at heimenamna bør brukast universelt. Det er ei reform som me kan sjå fram til og arbeida imot, og som kan verta nådd i framtida.

Arstal viste òg til The British Committee on Geographical Names:

Skrivemåten av kvart stadnamn i eit fritt land eller ein sjølvstyrande dominion skal vera den som er nytta av det aktuelle landet eller den aktuelle dominionen.

Endeleg var det vist til det franske *Atlas Universel de Géographie*:

Alle namn som er pålagde av ei utanlandsk makt før siste krig [første verds-krig], er bytte ut med den opphavlege nasjonale namneforma.

Seinare kom det fleire lister, som *Namn på statar og nokre viktige land-umråde*, utarbeidd av Kyrkje- og undervisningsdepartementet (J. W. Cappelen 1932). *Geografilista* til Norsk språkråd kom i 1991, redigert av Vigleik Leira, seinare utlagd på internettet på heimesida til Språkrådet. I 1997 vart det halde ein konferanse om utanlandske namn i Norden, der spørsmålet om eksonym–endonym vart drøft frå ulike synsvinklar (sjå NORNA-rapporter 68).

I diskusjonen om eksonym og endonym har det vore peika på at eksonym er ein del av den språklege kulturarven i det einskilde landet og språket, og at det må vera opp til dei nasjonale språkrøktorgana å avgjera kva former av dei utanlandske namna som skal nyttast. Dette er sjølvstekt vektige argument. På den andre sida er det stadig meir kontakt med verda rundt om, og i møtet med stadnamna i dei einskilde landa er det mange som opplever at dei norske namneformene fungerer dårleg. Dersom ein meistrar den namneforma som landet sjølv nyttar, burde kommunikasjonen med det aktuelle landet vera sikra. På den andre sida ser ein at internasjonal kontakt meir og meir går føre

seg på engelsk, og dermed er det likt til at engelske eksonym i aukande mon kan verta retningsgjevande for namnebruken i andre land.

Praha-konferansen har tvillaust noko å fortelja, ikkje berre til namnegranskarane og kartografane, men òg til reiselivet og ålmenta i det heile (sjå omtale av boka *Exonyms and the International Standardisation of Geographical Names* annan stad i dette nummeret av *Nytt om namn*).

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

ANNA MELDINGSSTOFF

NAVNEARBEIDET I STATENS KARTVERK I 2006

Gjennom statsbudsjettet bevilger Kultur- og kirke departementet hvert år midler til Statens kartverks navnearbeid etter lov om stadnamn. Disse samfinansieringsmidlene brukes til drift og utvikling av Sentralt stedsnavnregister (SSR), saksbehandling etter lov om stadnamn, innlegging av stedsnavn i SSR og til eksternt og internt informasjonsarbeid. Stillingen som forvaltningsansvarlig for stedsnavn i Statens kartverk, som innehas av Nils Jørgen Gaasvik i Statens kartverk i Trondheim, lønnes i sin helhet av disse midlene. Bevilgningen var i 2006 i overkant av 2,5 millioner kroner.

Regnskap og rapport for bruk av midlene skal sendes Kultur- og kirke departementet innen 1. mars påfølgende år. Opplysningene nedenfor er i hovedsak sakset fra rapporten for 2006.

Rapporten er satt opp i tre deler i samsvar med oppgavene Statens kartverk har etter lov om stadnamn:

1 Som vedtaksinstans – saksbehandling etter lov om stadnamn

Kartverkets fem navneansvarlige har navnearbeid for hver sin region i 50 prosents stilling:

1) Roar Børresen, Statens kartverk på Hamar: Østfold, Akershus, Oslo, Hedmark, Oppland og Buskerud fylker, 2) Finn E. Isaksen, Statens kartverk i Kristiansand: Vestfold, Telemark og Agder-fylkene, 3) Hartvig Haugen (p.t. Åmund Fykse), Statens kartverk i Bergen: Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, 4) Nils Jørgen Gaasvik, Statens kartverk i Trondheim: Møre og Romsdal, Sør- og Nord-Trøndelag og 5) Hjørdis Varsi Pedersen, Statens kart-

verk i Tromsø: Nordland, Troms og Finnmark. Saksbehandlingen i hver enkelt navnesak utføres av disse regionale navneansvarlige.

Navnesaker etter lov om stadnamn tas opp etter henvendelser fra dem som etter loven har rett til å reise navnesak, eller etter Kartverkets egne initiativ i forbindelse med kartrevisjon og innlasting av navn fra kartprodukter i SSR. Bakgrunnen kan være at vi har fått meldinger om navnefeil, at det fins flere offentlige skrivemåter av samme navn på samme sted, at vi ønsker nye navn inn på kart og må få fastsatt en skrivemåte, eller at tidligere skrivemåter bør endres som følge av nye regler. Etter stedsnavnloven er Kartverket vedtaksmyndighet for alle naturnavn, umatrikulerte seternavn og gamle, nedarvede gårds- og bruksnavn i landet. Med endringene i loven, som trådte i kraft 1. august 2006, ble vi i tillegg vedtaksmyndighet for skrivemåten av stedsnavn i all statlig sammenheng. Følgelig vedtar vi f.eks. skrivemåten av bru- og tunnelnavn, mens Vegvesenet selv står for selve navnevalget.

Kartverket fastsatte skrivemåten av i alt 3795 enkeltnavn i 2006. I disse tallene ligger også såkalte «samlevedtak», dvs. vedtak fattet innenfor et administrativt område (vanligvis kommune) på vanlige navneledd, f.eks. vedtak om at skrivemåten *-vatn* skal endres til *-vann*, *-skjer* til *-skjær* og *-tjørn* til *-tjønn*.

2 Sentralt stedsnavnregister (SSR)

Ved siden av å være Norges offisielle register over vedtatte skrivemåter etter lov om stadnamn, samt å være et register over både avslåtte og «godkjente» skrivemåter (skrivemåter i offentlig bruk fra før lov om stadnamn trådte i kraft 1. juli 1991, som ikke har vært til behandling etter loven), er SSR også Kartverkets primærdatabase for stedsnavn. Av denne grunn bør alle navn som har en skrivemåte i offentlig bruk, ideelt sett finnes i registeret. Derfor har vi de siste årene hatt fokus på innlegging av «godkjente» skrivemåter. 33.295 godkjente navn ble lagt inn i SSR i 2006, hovedsakelig fra økonomisk kartverk og sjøkart.

	2004	2005	2006
Vedtatt fattet av Kartverket	3040	1398	3795
Vedtatte navn innlagt i SSR	5536	3639	4528
Godkjente navn innlagt i SSR	81 933	84 035	33 295

Pr. 1.1.2007 var det registrert 739 566 stedsnavn i SSR. Ett geografisk objekt kan ha flere enn ett stedsnavn knyttet til seg, f.eks. norsk, samisk og kvensk navn, eller to ulike norske navn. De 739 566 navna er igjen koblet opp mot 858 611 forskjellige skrivemåter.

3 Ekstern informasjon

Våre hjemmesider på internett med informasjon om lov om stadnamn og SSR blir stadig oppdatert. Vi har også et nyhetsbrev der interesserte kan melde seg på for å få informasjon om navnebehandling og SSR, og et diskusjonsforum for stedsnavn. Alt dette finner en ved å gå til «Stedsnavn» under menyen på venstre side fra Kartverkets hjemmeside www.statkart.no.

Fra 2005 ble Kartverkets nye WEB-servicetjeneste for SSR tatt i bruk. Tjenesten gjør at en kommune eller et fylke som har laget lokale nettsider for «Kart», kan søke direkte på stedsnavn i SSR.

Gjennom geodatasamarbeidet Norge digitalt, som er forankret i Stortingsmelding nr. 30 (2002–2003), «Norge digitalt» – *et felles fundament for verdiskaping*, vil kommuner og andre offentlige samarbeidsparter kunne få fullt innsyn i SSR.

Gratistjenesten Norgesglasset (se lenke til høyre på hjemmesida) blir stadig mer benyttet av publikum. Under fanen «Stedsnavn» søkes stedsnavn opp direkte fra SSR med resultater på kartbakgrunn i målestokkene 1:50 000 og 1:5 000.

Anne Svanevik
anne.svanevik@statkart.no

KROATISK «SENTRALT STEDSNAVREGISTER» I OPPSTARTEN

Statens kartverk etablerte i 2005 Internasjonalt senter for eiendomsrettigheter og utvikling. Senterets oppgave er blant annet å assistere og iverksette regjeringens bistandsarbeid til utviklingsland og tidligere østblokkland.

Dette har gitt seg utslag i mange konkrete prosjekt i landene på Balkan. For Kroatia kan nevnes skanning av eiendomskart og topografiske kart for overføring fra analog til digital form, utvikling av digitalt verktøy til administrasjon av nasjonalparker og naturressurser, hjelp til kartlegging og ortofoto av mineutsatte områder, utvikling av katastersystem og eiendomskartlegging, samt system for lagring, behandling og distribusjon av geografiske navn. Sistnevnte har fått navnet Croatian Geographical Names Database (CGND).

Etablering av CGND er hjemlet i den kroatisk loven om topografisk kartlegging og eiendomskartlegging. Arbeidet ble initiert i 2005 av det kroatisk kartverket (State Geodetic Administration) og Kartverkets internasjonale senter og går ut på å etablere en database for geografiske navn til bruk for hele det kroatisk samfunnet. Basen skal brukes til kartreferanser, navnesøk for nett-

tjenester og til forskning og undervisning, slik Sentralt stedsnavnregister (SSR) fungerer i Norge. Hittil har ulike virksomheter, dvs. kart-, geodesi- og undervisningsinstitusjoner, hatt ulike baser selv for det samme navnet. Det har vært lite samarbeid og koordinering på tvers av etater og virksomheter.

Kartverkets internasjonale senter knytter til seg fagpersoner fra Kartverket og andre institusjoner, både offentlige og private, til gjennomføring av prosjektene. Til navnedatabasearbeidet var det naturlig å dra veksler på erfaringen med etablering og utvikling av Sentralt stedsnavnregister (SSR) i Norge. SSR er Norges nasjonale register for skrivemåten av stedsnavn i offentlig bruk. Det er opprettet i henhold til § 10 i lov om stadnamn (§ 12 etter lovendringene fra 2005) og forvaltes av Statens kartverk. Registeret inneholder nå over 700 000 stedsnavn.

Gjennom flere år har Norge og Kartverket således opparbeidet kompetanse og erfaring på området. Høsten 2005 ble oppdragsansvarlig for SSR, Johnny Andersen, og hovedoppdragsansvarlig for stedsnavn i Kartverket, Anne Svanevik, spurt om å bidra i prosjektet. Arbeidet kom i gang på vårparten 2006 og startet formelt med undertegning av avtalen mellom det kroatisk kartverket og geodetiske instituttet og Statens kartverks internasjonale senter i mars 2006.

Allerede fra starten av prosjektet har planen, fra Kroatias side, vært at de skal delta i det internasjonale navnearbeidet i UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names) og delprosjektet EuroGeoNames (europeisk samarbeidsprosjekt for utvikling av felles datastruktur og netjtjenester for stedsnavn). UNGEGN oppfordrer til nasjonalt samarbeid mellom språklige og geografiske fagmiljøer og mellom de ulike «eierne» og brukerne av stedsnavndatabaser. Andersen og Svanevik satte derfor samarbeid mellom kroatisk «stedsnavnmiljøer» som krav for å bidra i CGND-arbeidet. Gjennom navnearbeidet er det første gang det kroatisk sjøkartverket, det kroatisk landkartverket og språkinstituttet på Universitetet i Zagreb samarbeider konkret. Lederen for språkinstituttet uttrykte dette ved å si at «det måtte nordmenn til for å få til et samarbeid i Kroatia». Tidligere forsøk på slikt samarbeid i landet har strandet.

Prosjektet består følgelig av flere parter og bidragsyttere; på norsk side Utenriksdepartementet og Statens kartverk, i Kroatia språkinstituttet på Universitetet i Zagreb, sjøkartverket i Split og landkartverket og det geodetiske instituttet i Zagreb. Sistnevnte skal etablere og drifte navnedatabasen med hjemmel i nevnte lov. Det er Kartverkets internasjonale senter som koordinerer prosjektet mellom institusjonene.

Høsten 2006 og nyåret 2007 var Andersen og Svanevik i samarbeid med de kroatisk institusjonene med på å definere prosjektet og utarbeide en krav-

spesifikasjon for navnedatabasen. Både Andersen og Svanevik har hatt flere turer til Kroatia. Svanevik ledet den kroatiske prosjektgruppens arbeid i en intensiv fem-ukers-periode i november–desember. Fordi datamodellen skal skrives i dataspråket UML (Unified Modeling Language), som moderne, standardisert teknologi bygger på, har i tillegg Kartverkets IT-ekspert Kent-Jacob Jonsrud holdt en ukes UML-kurs i Kroatia.

I uke 11 i år (11.–17. mars) var tolv prosjektdeltakere fra Kroatia på studietur til Norge. De besøkte Namnegransking på Universitetet i Oslo, flere private kartfirmaer, Statens kartverk på Hønefoss og Sjøkartverket i Stavanger. Formålet var å vise stedsnavnsamarbeid mellom norske miljøer og hvordan det norske SSR brukes i forskjellige sammenhenger både offentlig og privat.

Våren 2007 har det vært anbudsrunder blant kroatiske firmaer med invitasjon til tilbud på spesifisering av databasen. Fristen var 16. april. I disse dager blir ett av firmaene valgt ut. Dette firmaet skal lage ferdig spesifikasjonen, velge en database som egner seg for formålet og finne en egnet programvare. Det neste er å gå opp en del rutiner og metoder for innlegging, innsyn, uttak av data og muligens regelverk for navnebehandling.


Første konkrete plan er å gjennomføre et pilotprosjekt. Datasettene fra alle de fire kroatiske partene fra det nordvestlige Kroatia, nærmere bestemt Istria-halvøya, skal legges inn. Dette området er valgt på grunn av sin tospråklighet (kroatisk og italiensk) og fordi det er kystområde der også Sjøkartverket bidrar med data.

Anne Svanevik
anne.svanevik@statkart.no

STIPEND FOR NAMNESTUDENTAR

I eit vedlegg til *Nytt om namn* nr. 44 lyste Norsk namnelag ut to stipend på kr 7500 kvar for vidarekomne studentar i namnegransking som ønskte å delta på Den 14. nordiske namnegranskarkongressen på Borgarnes, Island. På grunnlag av dei innkomne søknadene har styret i Namnelaget avgjort at stipenda vert tildelte masterstudentane Torill Letto, Universitetet i Tromsø, og Ingvil Nordland, Universitetet i Oslo.

BH



JØRN SANDNES 1926–2007

I vår kom det ein trist budskap til alle namneinteresserte og historieinteresserte i landet vårt. Den 12. april 2007 døydde professor Jørn Sandnes. Han var fødd på Snåsa i 1926 og oppvaksen der. Etter artium på Steinkjer landsgymnas studerte han ved Universitetet i Oslo og tok historisk-filosofisk embetseksamen i 1953 med norsk hovudfag og bifaga historie og tysk. Hovudoppgåva hans var om *Elve- og innsjønavnene i Snåsa*.

Etter eksamen kom han tilbake til heimbygda og var der til 1960 da han vart tilsett som norsk sendelektor i Kiel, fram til 1964. Frå 1965 fekk han stilling som høgskolelektor i historie ved Noregs lærarhøgskole i Trondheim. Her hadde han arbeidsplassen sin resten av livet. I 1973 vart Sandnes tilsett som professor i historie ved Universitetet i Trondheim, med særlege plikter for lokalhistorie. Han slutta i stillinga si i 1993.

Sandnes gjorde òg ein stor innsats på det administrative planet, først ei kortare tid som instituttstyrar tidleg i 1970-åra, seinare som dekanus, og endeleg som den første rektoren for det samla Universitetet i Trondheim fram til 1987. Han var ein ivrig talsmann for ei integrering av dei vitenskaplege institusjonane i Trondheim både da og utetter i 1990-åra. Ved Uppsala universitet vart han æresdoktor i 1989.

For namneinteresserte er Jørn Sandnes godt kjend, men det var likevel innafor historiegranskinga han kom til å leggje ned det største arbeidet sitt. Såleis skreiv han to band av *Snåsaboka* i 1950-åra, og først i 1960-åra utarbeidde han

Namdalens historie til år 1600. Dette var egentleg det første regionalhistoriske arbeidet i vårt land, og han fekk mykje ros for det.

Utetter i slutten av 1960-åra og i 1970-åra dreiv Sandnes med busetjingshistoriske studiar. I 1971 tok han doktorgraden på arbeidet *Ødetid og gjenreisning. Trøndsk busetningshistorie ca. 1200–1660.* Samtidig og seinare utetter i 1970-åra arbeidde han òg med det såkalla nordiske øydegardsprosjektet. I lag med Helge Salvesen redigerte han i 1978 den norske sluttrapporten om denne granskinga. I seinare historisk gransking kom han òg til å interessere seg for lov og rett. Såleis gav han i 1990 ut boka *Kniven, ølet og æren. Kriminalitet og samfunn i Norge på 1500- og 1600-tallet.*

Det høyrer òg med til det historiske arbeidet til Sandnes at han i ein tiårsperiode var redaktør av det lokalhistoriske tidsskriftet *Heimen*, og han var jamt seinare ein viktig medarbeidar der. Han ville gjerne at forskingsresultata skulle nå ut til eit breitt publikum, og han var ein flittig bidragsytar i lokalhistoriske tidsskrift i Trøndelag. I forlenginga av dette kan vi sjå at han i lag med Jan Ragnar Hagland omsette *Frostatingslova* (1994) og *Bjarkøyretten*, den eldste bylova for Nidaros (1997). Han skreiv òg ei lokalhistorisk lærebok med tittelen *Handbok i lokalhistorie. Faget og metodene* (1983), og han var medredaktør i det populærvitskaplege verket *Norsk stadnamnleksikon* (1976, 4. utgåve 1997).

Dei sentrale busetjingshistoriske arbeida til Sandnes går frå Snåsa-historia hans og vidare utetter i 1960-åra til dei nordiske øydetidsgranskingane i 1970-åra. Her nyttar Sandnes ut kunnskapane sine i namnegransking, og han kan i motsetning til mange andre busetjingshistorikarar setje eit velfundert, kritisk lys på delar av Oluf Ryghs arbeid. I mange tilfelle blir tilhøve som gjeld bustadnamna, drøfta i desse historiske arbeida, men stundom ser vi òg at slike granskingar blir publiserte som eigne artiklar. Det er t.d. tilfelle med «Stadnavn i Meldal» (i *Meldal bygdebok*) og «Reitar. En navnegruppe som agrarhistorisk kilde» (i *Heimen*), som begge kom i 1968. Dei er viktige som grunnlagsmateriale og forstudiar til det seinare doktorgradsarbeidet hans.

Det er her *namnetypane* eller *namneklassane* han arbeider med og gjer bruk av, og i *Reitar*-artikkelen har han ei interessant formulering om plassen til språkfenomena i busetjingshistoriske samanhengar:

Metodisk er det nemlig så at når en vil utnytte navnematerialet som kilde til busetnings- eller agrarhistorie, interesserer en språklig drøfting bare i den utstrekning den er nødvendig for å belyse, klargjøre eller avgrense dette materialet saklig, f.eks. ved å tolke og plassere usikre navn, bidra til datering av navnetyper etc. Spørsmål av morfologisk, fonetisk eller språkhistorisk karakter har i og for seg ingen interesse i en slik sammenheng.

På ein kyndig måte nyttar Sandnes stadnamninnsikta si til å skyte ut eller ta bort feilplasserte eller «falske» gardsnamn i namneklassane. Som språkmann kunne han òg vurdere å føye til einskildnamn frå eldre kjelder eller frå tale-målet. Eg skulle tru at ingen annan norsk busetjingshistorikar har bruka namnestoffet på ein så grundig og innsiktsfull måte.

Sandnes engasjerte seg elles i den spesielle delen av busetjinghistoria vår som omhandlar den samiske ekspansjonen sørover i Sør-Noreg i etterreformatorisk tid. I desse områda hevda han at det ville vera naturleg å sjå på samisk tilhald som ei naturleg utviding av det nordlegare samiske området i det busetjingsvakumet som hadde vorte skapt i dei sørnorske fjelltraktene etter svartedauden. Desse spørsmåla har vore mykje omdiskuterte, ikkje minst i 1970-åra da Sandnes særleg drøfta dei, og det vart utdelt rikeleg med peppar til dei fleste som deltok i debatten. Mitt inntrykk var at Sandnes nærast såg det som ei plikt å få ordskiftet ned på eit meir forsvarleg og akseptabelt vitskapleg nivå, m.a. ved klart å påvise det feilaktige i å tolke alle namn på *Finn-* som vitnemål om samisk tilhald i eldre tid.

Sjølv om det var gardsnamn han gjorde særleg bruk av i dei historiske arbeida sine, så gløymer han ikkje av naturnamna, som t.d. i *Namdalens historie til år 1600*, der særleg behandlinga av øynamna er interessant. Som nemnt var hovudoppgåva hans om vassdragsnamn på Snåsa, og både her og i mange av dei seinare naturnamnarbeida hans kan vi øygne friluftsmannen og fjellvandraren. Såleis skriv han om fjellnamna i Trøndelag i den populære boka *Namn i fjellet* (1968), der han særleg tek for seg etterledda.

Elles kjem han ofte tilbake til vassdragsnamna. Såleis drøftar han i artikkelen «Elvenavnet *Nið*» (I Det kgl. norske videnskabers selskabs *Forhandlinger*, 1962) det gamle namnet på *Nidelva*, som øvst (i Selbu og Tydal) enno har den usamansette forma *Nea*, med mange teoretiske, etymologiske tolkingsmåtar. Her skal vi merkje oss at Sandnes som den første norske granskaren dreg inn synsmåtar frå Hans Krahes europeiske hydronymteori. På ein spesiell måte er den vesle studien om elvenamnet **Gefr/*Gæfr* og innsjønamnet **Gef(rar)sjór/*Gæf(rar)sjór* (i *Namn och bygd* 1992) særleg interessant. Her ser vi døme på den etnologiske innsikta hans når han argumenterer for at namnet på ei utløpselva gjerne er eldre enn innsjøen ho kjem frå, ikkje minst når det er tale om fiskerikdom (aure), som her. I elva ville ein lett kunne lystre auren i gytings-tida.

Jørn Sandnes var òg oppteken av namnenormering, og han hadde lite til overs for dei han kalla «syttenhundretalsfantastane». Med det meinte han folk som hadde funne gards- og seinare slektsnamnskrivemåtar ved slutten av dan-

sketida som dei einaste rette, og som ikkje evna å sjå verken lenger tilbake eller lenger fram i tida.

Eg hadde gleda av å samarbeide med Sandnes som namnekonsulent i to periodar. Først var vi konsulentar for det økonomiske kartverket i Sør-Trøndelag fylke i slutten av 1960-åra og utetter i 1970-åra, deretter var vi i lag statens namnekonsulentar frå og med 1991 til 1999, med Tor Erik Jenstad som ein dyktig sekretær. Der fekk eg høve til både å setje pris på den gode faglege innsikta hos Sandnes og hans evne til å samarbeide. Ikkje minst hadde han den verdfulle evna til å levere arbeid ifrå seg til avtala tid.

Sandnes kom med i komiteen som i perioden 1979–83 utarbeidde *Noregs offentlege utgreiingar 1983:6 Stadnamn*. Denne utgreiinga førde omsider fram til lov om stadnamn i 1990. I dette arbeidet var Sandnes ein aktiv deltakar, og han utarbeidde ein særmerknad om inndelingsnamn som uhistorisk har fått forenkla konsonant i førsteleddet, og mot talemålet. Det er altså snakk om namn som det offisielle *Tynset* motsett *Tynnset*, som er rett etter etymologi, uttale og rettskrivingsprinsipp (jf. ord som *tannpine*, *tynnhærd*). Han ville òg ha ført namn som *Hurdal* og *Ørland* tilbake til skrivemåten før 1917, *Hurdalen* og *Ørlandet*, som er meir i samsvar med uttalen. Nemnda sa seg samd med han, men det har ikkje vorte gjort noko meir med saka.

Arbeidet til Sandnes både her og som namnekonsulent var klart merkt av grunnsynet hans i normeringsspørsmål. Han meinte til liks med dei fleste fagfolk at stadnamna våre var å sjå på både som kulturminne og som ein fellesarv for kollektivet, både lokalsamfunn og storsamfunn. Det var altså ikkje noko ein skulle tukle med på privatrettsleg basis.

Mange nordmenn vil nok hugse Sandnes for slike klare kulturhistoriske standpunkt, men for dei fleste, både i ein norsk og nordisk samanheng, vil det nok vera historie- og namneforskaren ein særleg vil minnast. Her var han mellom dei aller fremste på sitt område, og han kunne på beste vis hjelpe og inspirere kollegaer og studentar. Vi som var yrkesbrør og venner av Sandnes, vil ta med oss mange gode minne om han, frå auditorium, møterom og kontor, så vel som frå fotballbana, skiløypa og moltemyra.

Ola Stemshaug
ola.stemshaug@hf.ntnu.no

LARS HELLBERG 1914–2006

Lars Hellberg, född 1914, avled den 13 juni 2006, ett par månader efter det att han fyllt 92 år. Han intog under lång tid en ledande ställning inom nordisk ortnamnsforskning. Han hörde till kretsen av Jöran Sahlgrens elever och började sin bana under den tid som har kallats den svenska ortnamnsforskningens guldålder, 1930- och 1940-talen.

Hellberg disputerade 1950 och kom att knytas till Uppsala universitet som docent och universitetslektor och från 1966 som forskardocent, en befattning som han innehade fram till sin pensionering 1980. År 1976 erhöll han professors namn.

Hellbergs rikliga produktion är praktiskt taget helt inriktad på ortnamnsforskning. Tre huvudlinjer kan konstateras i hans författarskap: ortnamn och bebyggelsehistoria, ortnamn och samhällsorganisation samt form- och ljudhistoria. Bland de form- och ljudhistoriska studierna är främst att nämna hans tolkning av en rad ortnamnsförleder, typen *Gæлта-*, såsom återgående på en gammal plural *u*-stamsgenitiv och vidare hans med exempel som *Skänninge* till *Skenaån* väl underbyggda studie av den s.k. ordlängdsbalansens roll för namntolkning.

Sina största insatser har Hellberg gjort inom ortnamnsforskning med inriktning på bebyggelse och administration i gammal tid och då i ett uttalat tvärvetenskapligt perspektiv. Hellberg hade en överblick över nordiskt bebyggelsenamnskick som ingen annan. Han tar upp stora, centrala bebyggelsehistoriska problem. Dit hör innebörden av ortnamnelementen *-by* och *-sta(d)* och ursprunget till plurala ortnamn. Både *-by* och *-sta(d)* vill han återföra på gamla ägonamn, närmast avseende löväng och lövängsliknande mark resp. äng av slåttervallstyp, särskilt på sankmark. Dessa tolkningar har snarast teskaraktär och har, just därför, verkat stimulerande på den nordiska ortnamnsforskningen. Detsamma gäller Hellbergs idé att plural form i gamla bebyggelsenamn, typen *Berga*, huvudsakligen är att återföra på feminina ägonamn, vilkas plurala form skall syfta på flera ägostycken. Helt övertygande är däremot hans påvisande av två skikt bland de nordiska *torp*-namnen, en iakttagelse som inte alltid tillfullo har beaktats i den på senare tid åter intensiva debatten om namntypen ifråga.

I sina bebyggelsehistoriska ortnamnsstudier analyserar Hellberg gärna vad han kallar elementarbygder, dvs. topografiskt avgränsade bygder, som kan antas ha utgjort bebyggelsegenetiska enheter. Flera exempel ges i en monumental monografi över ortnamn och bebyggelse i Närkessocknen Kumla. Samspelet mellan arkeologi och ortnamn är alltid närvarande i Hellbergs bebyggelsehistoriska undersökningar. En lysande triumf firar hans metod i en

studie över det svenska bebyggelsenamnsskicket på Åland, som kan visas vara medeltida, uppkommet efter omfattande avfolkning under 1000-talet.

Med åren kom Hellbergs forskning att allt starkare inriktas på ortnamnens betydelse för belysning av gammal samhällsorganisation. I centrum står *husaby-* och *tuna-*namnen. Husabyarnas roll som centralorter under tidig svensk medeltid är klart styrkt, och i de plurala *tuna-*namnen ser Hellberg en äldre motsvarighet med rötter i romersk järnålder. Det råder i dag enighet om att *tuna-*orter har tjänat som centralorter, men kanske inte fullt ut i den utsträckning som Hellberg tänkte sig.

Med *husaby-* och *tuna-*namn som medelpunkt rekonstruerar Hellberg administrativa centralorter, AC-orter, kännetecknade av speciella ortnamnsmiljöer. Till dessa hör bl.a. namn innehållande ord för 'krigare', 'hirdmän' och för ämbetsutövare som brytar. En viktig ingrediens är vidare förkristna, sakrala ortnamn, som antas spegla en officiell kult. För studiet av sakrala ortnamn i Norden har Hellberg spelat en avgörande roll. En uppsats 1986 om den förkristna religionens spår i uppländska ortnamn, med udden riktad mot lärofadern Sahlgren, har inlett en renässans för utforskningen av de sakrala ortnamnens vittnesbörd.

Hellbergs studium av AC-orter svällde, allteftersom nya element integrerades i de administrativa ortnamnsmiljöerna. Någon sammanfattning ledde studiet inte fram till, men en rad bidrag belyser från olika sidor komplexiteten i hans rekonstruktion.

I en minnesruna över Lars Hellberg är det också viktigt att framhålla den avgörande roll som han har spelat för det nordiska samarbetet på namnforskningens område. Det var han som tog initiativet till skapandet av NORNA, med allt vad denna organisation har betytt, för oss som fick vara med och bygga upp den, för «NORNA:s barn», som Anki Mattisson formulerat det, och nu också för «NORNA:s barnbarn».

Som en hyllning till Lars Hellberg anordnades i anslutning till hans åttiöårsdag 1994 ett internationellt symposium i Uppsala, rubricerat Ortnamn i språk och samhälle, vars handlingar föreligger i en publikation med samma namn (1997).

Hellberg är en av de stora företrädarna för nordisk ortnamnsforskning. Med förkärlek ägnade han sig, med engagemang och idériakedom, åt stora, övergripande problem, och hans bidrag bildar en självklar grund för fortsatt diskussion, särskilt av frågor med inriktning på bebyggelsehistoria och på administrativ struktur och religion i gammal tid.

Thorsten Andersson
thorsten.andersson@telia.com

NYTT TYSK NAMNETIDSSKRIFT

I Tyskland kjem det ut fleire namnevitskaplege tidsskrift. Det mest prestisjetunge er vel *Beiträge zur Namenforschung*, grunnlagt av Hans Krahe i Heidelberg i 1949. I mellomtida har *Namenskundliche Informationen* i Leipzig vakse til eit stort og innhaldstungt tidsskrift der 2006-årgangen femner om over 500 sider. Den siste tilvoksteren er personnamntidsskriftet *Zunamen/Surnames. Zeitschrift für Namenforschung/Journal of Name Studies*. Redaktør er Silvio Brendler, Hamburg. Med seg som vitskaplege rådgjevarar har han Paul Cullen, Nottingham, Peter Ernst, Wien, Milan Harvalik, Praha, Paul Videsott, Brixen (Sør-Tyrol), og Johanna Virkkula, Helsingfors.

Tittelen *Zunamen* på tysk kan ein setja om med ‘etternamn’, men det er òg brukt om ‘tilnamn’ (*Beinamen*). Den engelske forma av tittelen, *Surnames*, viser at det er tenkt på etternamn, men samstundes er ikkje dei to likeverdige i tyding. I ein leiarartikkel spør redaktøren kvifor tidsskriftet har kome til verda. Han har to svar: For det fyrste er føremålet å reindyrka ei grein av namnevitskapen, nemleg den som gjeld etternamn. Han meiner at denne viktige namnekategorien ikkje har kome til sin rett i forskinga. Både teoretisk og metodisk er det naudsynt å skaffa seg auka innsikt. For det andre meiner han at terminologien er upresis for denne kategorien, og at det trengst ein brei diskusjon.

Opningsnummeret har ein historisk artikkel om engelsk etternamngransking av redaktøren sjølv, vidare skriv Volkmar Hellfritsch om *Pechstein/Bechstein*, Karlheinz Hengst om russisk personnamngransking, Jürgen Udolph om familienamn og deira nytte for busetnadshistorie. Dessutan er det med nokre småartiklar og stutte bokomtalar. Hefte 1 er på 106 sider og kjem ut på forlaget Baar i Hamburg. Tilskrift er *Zunamen/Surnames*, Curtiusweg 16, DE-20535 Hamburg.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

GAMLE SOGNENAVN PÅ -STAÐIR

I sin kjente bok *Ættegård og helligdom* (1926) presenterte Magnus Olsen en liste over gårdsnavn som hadde gitt navn til gamle kirkesogn. Denne listen er blitt gjengitt, ukritisk, en rekke ganger senere (senest i *Norsk stadnamnleksikon* 1997, s. 30) – og dette er synd, for tallene hans er i høyeste grad diskutabile. Hans tall, sammenlignet med dem jeg har kommet frem til gjennom egne notater, er som følger:

-vin	MO: 67 sognekirker	FK: 67 sognekirker (+ 11 andre kirker)
-heimr	MO: 39 sognekirker	FK: 37 sognekirker (+ 4 andre kirker)
-staðir	MO: 63 sognekirker	FK: 56 sognekirker (+ 8 andre kirker)
-land	MO: 35 sognekirker	FK: 33 sognekirker (+ 3 andre kirker)
-setr	MO: 5 sognekirker	FK: 5 sognekirker (+ 2 andre kirker)
-ruð	MO: 0 sognekirker	FK: 0 sognekirker (+ 0 andre kirker)

Dessverre har Magnus Olsen kun lagt ved fullstendige navnelister for gårdsnavnene på *-land* (s. 203 f.) og *-setr* (s. 206), så det er bare for disse jeg kan gjøre en direkte sammenligning. Når det gjelder den førstnevnte gruppen, er Olsen og jeg uenige om følgende navn: Olsen regner kirkestedene **Hofland* (NG IV₂ s. 133) og **Liðarland* (NG XI s. 243) som gamle sognekirker – men jeg kan ikke se at det finnes noe grunnlag for dette. Dessuten regner han *Mólandir* i Telemark for å være et gårdsnavn, men det er vel helst et opprinnelig bygdenavn (jf. NG VII s. 383). Til gjengjeld har jeg regnet med *Øfraland* i Tuddal (NG VII s. 313), som Olsen må ha uteglemt.

Den største uenigheten mellom meg og Olsen gjelder imidlertid gårdsnavnene på *-staðir* – og jeg vil nedenfor gi en fullstendig liste over disse. Totalt har 56 sammensatte *staðir*-navn gitt navn til gamle kirkesogn, og 33 av disse er fortsatt i bruk:

Trøgstad (NG I s. 1), *Båstad* (NG I s. 18), *Rakkestad* (NG I s. 93), *Kråkstad* (NG II s. 27), *Fenstad* (NG II s. 336), *Nannestad* (NG II s. 392), *Ottestad* (NG III s. 152), *Oppstad* (NG III s. 191), *Tingelstad* (NG IV₂ s. 175), *Hedenstad* (NG V s. 387), *Hillestad* (NG VI s. 74), *Vivestad* (NG VI s. 144), *Svarstad* (NG VI s. 373), *Gjerstad* (NG VIII s. 11), *Øyestad* (NG VIII s. 105), *Austad* (NG VIII s. 197), *Hylestad* (NG VIII s. 224), *Greipstad* (NG IX s. 57), *Vigmøstad* (NG IX s. 148), *Austad* (NG IX s. 221), *Tonstad* (NG IX s. 348), *Heskestad* (NG X s. 42), *Ferkingstad* (NG X s. 383), *Torvastad* (NG X s.

407), *Årstad* (NG XI s. 290), *Gjerstad* (NG XI s. 294), *Hyllestad* (NG XII s. 231), *Gjemmestad* (NG XII s. 455), *Kornstad* (NG XIII s. 336), *Stiklestad* (NG XV s. 118), *Skjerstad* (NG XVI s. 215), *Flakstad* (NG XVI s. 345), *Ibestad* (NG XVII s. 40).

Men ti av sognene har siden skiftet navn:

Liðstaðir (= *Sør-Fron*, NG IV₁ s. 120/125), *Orrastaðir* (= *Øyer*, NG IV₁ s. 165), *Sigstaðir* (= *Biri*, NG IV₂ s. 1/5), *Moldastaðir* (= *Kolbu*, NG IV₂ s. 108/110), *Kaldreksstaðir* (= *Husnes*, NG XI s. 37/40), *Slygsstaðir* (= *Stranda*, NG XIII s. 126/132), *Raumstaðir* (= *Høylandet*, NG XV s. 301/304), *Glaðsstaðir* (= *Vega*, NG XVI s. 32/36), [?]*Dolstaðir* (= *Vefsn*, NG XVI s. 64/74), *Ræreksstaðir* (= *Sørfold*, NG XVI s. 234/235).

Og tretten av sognene er senere nedlagt:

**Viflastaðir* (NG I s. 84/92), **Gjølstaðir* (NG III s. 16/45), **Hamlustaðir* (NG III s. 97/101), **Línastaðir* (NG III s. 160/173), **Sástaðir* (NG III s. 163/173), **Pjóðreksstaðir* (NG IV₁ s. 124/135), **Broddsstaðir* (NG IV₂ s. 43/47), **Alvisstaðir* (NG IV₂ s. 77/88), **Borgastaðir* (-stôð?) (NG VII s. 119/137), **Hoprustaðir* (XII s. 158/171), *Kolbrandsstaðir* (NG XIV s. 267/271), **Skjølstaðir* (NG XV s. 11/19), **Baltastaðir* (NG XVI s. 81/87/89).

I tillegg til sognekirkene fantes det gårdskirker (og andre typer kirker) på åtte andre *staðir*-gårder:

Smiðsstaðir (NG II s. 99/126), *Bróndarstaðir* (NG V s. 360/367), *Kampa-
staðir* (NG V s. 412/416), *Baldastaðir* (NG VII s. 117/137), *Folkastaðir* (NG VII s. 199), *Hôgnvaldsstaðir* (NG X s. 269/272), *Heðinsstaðir* (NG XII s. 287/294), *Móðastaðir* («*Mariæ Kirke*») (NG XIV s. 361/363).

For å oppnå summen på 63 sognekirker må Olsen ha regnet syv av disse som gamle sognekirker – men jeg kan ikke se at det finnes noe grunnlag for å regne noen av dem som dette. For øvrig finnes det syv usikre kirkesteder på *-staðir*, men Olsen har trolig ikke regnet med noen av disse:

Blakkastaðir (NG II s. 159/165), *Róaldsstaðir* (NG IV₁ s. 124/135), *Ófeigs-
staðir* (NG IV₁ s. 178/181), *Alvisstaðir* (NG IV₂ s. 301/308), *Reiðarsstaðir* (NG XV s. 113/116), *Ingríðarstaðir* (NG XV s. 315/318), *Eiríksstaðir* (NG XVII s. 24/29).

Ellers bør det nevnes at åtte *staðir*-gårder har gamle sognekirker stående på sin grunn, men uten at de har gitt navn til disse (dvs. dette er iallfall ikke belagt):

Arastaðir (Aremark, NG I s. 180/398), *Øyjastaðir* (Øymark, NG I s. 191/398), *Bjarna(r)staðir* (Feiring, NG II s. 424), *Bjólfsstaðir* (Heidal, NG IV₁ s. 83/84), *Eldjarnsstaðir* (Hedalen, NG IV₂ s. 237), *Hildarstaðir* (Tovdal, NG VIII s. 53), [?]*Nedhalstaðir* (Vikedal, NG X s. 284), *Brunnastaðir* (Olden, NG XII s. 489).

Gårdsnavnet *Húsastað(i)r* bør også nevnes. Dette forekommer seks steder – og hele tre av disse har gitt navn til gamle kirkesogn (NG XIII s. 99, s. 316 og NG XV s. 195 f.). Det er imidlertid usikkert om disse er ekte *staðir*-navn. Etter min mening er det mer rimelig å anta at de er identiske med appellativet *húsastaðr* m., og at de i betydning kan sammenlignes med det frekvente gårdsnavnet *Húsabýr*. Olsen var av samme mening – og han skriver spesifikt at han ikke har regnet disse sammen med gårdsnavnene på *-staðir* (jf. Olsen 1926 s. 67 og 207).

En annen uenighet mellom meg og Olsen gjelder totaltallet for gamle *staðir*-navn (noe som har betydning for utregning av prosent). Olsen opererer med ca. 2500 gamle *staðir*-navn (jf. Olsen 1926 s. 80, 202 m.m.) – og dette tallet har han vel hentet fra Oluf Rygh (jf. NG Innl. s. 77). Dette tallet er også blitt gjengitt ukritisk senere i utallige artikler og bøker (f.eks. *Norsk stadnamleksikon* 1997, s. 421) – men jeg kan ikke forstå annet enn at dette tallet må være for høyt: Jeg har ekserpert samtlige sikre og sannsynlige gamle *staðir*-navn fra NG, og jeg endte da opp med tallet 2362. Dette tallet kan selvsagt bli justert noe opp eller ned av andre (og da helst ned, siden jeg har tatt med en del navn som kan være etterreformatoriske, eller fast sammensatte appellativer) – men jeg vil nok kategorisk slå fast at det ikke kan være høyere enn 2400.

En skal selvsagt ha stor respekt for Magnus Olsen, Oluf Rygh og andre eldre navnegranskere – men en bør, som en ser, være forsiktig med å gjengi deres tall ukritisk og uten forbehold. Siden de ikke hadde muligheten til elektronisk sortering og behandling av det store navnematerialet, fantes det en rekke muligheter for feil og uteglemler.

Frode Korslund
frodekorslund@yahoo.no

ETTERNAVN I LATVIA¹

1 Innledning

Skikken med faste, arvelige etternavn er et relativt nytt fenomen både i Norge og Latvia. Behovet for dette vokste ut av moderniseringsprosessen og urbaniseringen på 1800-tallet. Folketallet vokste og mange flyttet fra sine faste bosteder på landsbygda til byene. Der kunne ikke den tradisjonelle navnebruken med fornavn og tilnavn i form av en yrkesbetegnelse, et farsnavn og/eller et gårdsnavn fungere like godt som før. I tillegg vokste behovet for en mer sikker identifikasjon av hvert enkelt individ og slekt i det mindre oversiktelige samfunnet som byene var.

Hvis man tar et raskt overblikk over de 15 mest brukte etternavna i Norge i 2006,² er det ikke vanskelig å legge merke til at *sen*-etternavna er overrepresentert. Først langt ut i listen finner man etternavn av gårdsnavntypen som *Berg* og *Haugen* (nr. 14 og 15). Om man tar for seg listen over de femten mest brukte etternavna i Latvia i 2005 og sammenligner den med data fra Norge, kan man registrere større variasjon i Latvia.³ Over halvparten av de latviske etternavna ender på *-iņš*, hvor *-iņ-* er et avledningssuffiks og *-š* er en bøyningssuffix for substantiver i maskulinum. Avledninger med *-iņš* uttrykker bibetydningen 'litenhet' i forhold til grunnordet, altså et såkalt diminutiv-suffiks. Ordforrådet som brukes til å danne latviske etternavn, er ofte hentet fra planteliv eller dyreliv, med eller uten avledningssuffikser.

Etternavn av typen *Bērziņš*, dannet av substantivet *bērzs* 'bjørk', dvs. 'lille bjørk', eller *Liepiņš*, dannet av substantivet *liepa* 'lind', dvs. 'lille lind', er temmelig alminnelig i Latvia og regnes som de mest «latviske» etternavna. Blant de femten vanligste finner man også etternavn som *Ozoliņš* og *Ozols*, der begge er dannet av det samme substantivet *ozols* 'eik', men oppfattes som to ulike etternavn. Dyrelivet er også godt representert blant de latviske etternavna. Man finner både *Balodis*, dannet av substantivet *balodis* 'due', og *Vanags*, dannet av substantivet *vanags* 'hauk'. I tillegg finner man blant de

¹ Artikkelen er en forkortet og omarbeidet utgave av semesteroppgaven «Etternavn i Norge og Latvia. Hovedtrekk ved den historiske utviklingen. Finnes det fellestrekk?» i masteremnet «Bruk, vern og forvaltning av namn» ved Universitetet i Oslo våren 2007.

² Norske etternavn, 15 på topp 2006: 1. *Hansen*, 2. *Johansen*, 3. *Olsen*, 4. *Larsen*, 5. *Anderesen*, 6. *Nilsen*, 7. *Pedersen*, 8. *Kristiansen*, 9. *Jensen*, 10. *Karlsen*, 11. *Johnsen*, 12. *Pettersen*, 13. *Eriksen*, 14. *Berg*, 15. *Haugen*.

³ Latviske etternavn, 15 på topp 2005: 1. *Bērziņš*, 2. *Kalniņš*, 3. *Ozoliņš*, 4. *Jansons*, 5. *Ozols*, 6. *Liepiņš*, 7. *Krūmiņš*, 8. *Balodis*, 9. *Eglītis*, 10. *Zariņš*, 11. *Pētersons*, 12. *Vītols*, 13. *Kļaviņš*, 14. *Kārklīņš*, 15. *Vanags*.

øverste femten på listen to etternavn som slutter på *-sons*: *Jansons* og *Pētersons*.

Det ser ut til å ha eksistert to ulike tradisjoner Norge og Latvia når det gjelder fremveksten av etternavn. Mens etternavna i Norge hovedsakelig er sekundærpatronymika som *Hansen* og *Olsen* eller gårdsnavn som *Berg* og *Haugen*, går de latviske etternavna i stor grad tilbake på benevnelser fra vegetasjon og dyreliv, ofte tillagt et diminutivssuffiks. Ikke minst har mange av de opprinnelige tilnavna fått funksjon som etternavn. Ofte er navnet en beskrivelse av individets «utseende», f.eks. *Sarkangalvis*, av adjektivet *sarkans* ‘rød’ og substantivet *galva* ‘hode’, *Melnbārdis*, av adjektivet *melns* ‘svart’ og substantivet *bārda* ‘skjegg’.

I denne artikkelen vil jeg se litt nærmere på den historiske utviklingen av etternavnsskikken i Latvia og gi en oversikt over hvordan etternavngivningen har foregått. Jeg vil også sette søkelyset på ordforrådet i etternavna i Latvia. Hovedsakelig vil jeg konsentrere meg om 1800-tallet og begynnelsen av 1900-tallet.

2 Etternavn/slektsnavn og tilnavn

Den latviske termen *uzvārds* kan på norsk oversettes med både ‘etternavn’ og ‘familienavn/slektsnavn’. I loven om etternavn til bønder og tjenestefolk fra 1817 het det at enhver bondeætt må velge et etternavn, og at det ikke kunne endres uten tillatelse fra myndighetene. I 1899 ble det vedtatt en tilleggslov om at døpenavnet måtte settes foran etternavnet. Ut fra dette ser vi at etternavn som ble valgt, skulle gå i arv fra generasjon til generasjon. Når det gjaldt rekkefølgen, skulle etternavnet settes etter døpenavnet/fornavnet.

De fleste etternavna har opphav i ikke-arvelige tilnavn, dvs. tilnavn som fulgte et individ gjennom mestedelen av livet og ble borte ved individets bortgang. Det gjelder for Latvia som i Norge. Slike navn har forskjellig opprinnelse, som patronymika (*Pētersons*), yrkesbetegnelser (*Kalējs* ‘smed’), utseende (*Sarkanbārda* ‘den med det røde skjegget’) eller gårdsnavn og andre geografiske navn (*Jaunsem*).

3 Historisk bakgrunn

I våre dager har ethvert individ ett eller flere fornavn og ett eller flere etternavn. Men det har ikke alltid vært slik. Frem til 1800-tallet var Latvia et typisk jordbruksland med et relativt lavt folketall. Det betydde at det var et stabilt bondesamfunn der man ikke hadde det store behovet for flere navn på et individ. Bøndene hadde ikke etternavn, og når de skulle føres inn i skattelister, ble de skrevet inn med fornavnet, farsnavnet og navnet på gården eller godset

de tilhørte. Et slikt system fungerte bra i et forholdsvis oversiktlig og stabilt bondesamfunn og var vanlig også i Norge.

På 1800-tallet skjedde det store forandringer i bosetningsmønsteret. Moderniseringsprosessen med industrialiseringen og tilflyttingen til byene førte til økt behov for en bedre og sikrere identifikasjon av hvert individ. Ansvarsområdet til myndighetene økte, og man innså behovet for faste, arvelige etternavn. I Latvia ble navnebruken lovfestet i 1826 (med endringer i 1835), mens Norge fikk sin første lov om personnavn først i 1923.

I fortegnelsen fra 1811 over livegne bønder og tjenestefolk kan vi se at bønder er registrert med navn på gården de disponerte, samt fornavn: *Arendsen Janne* (etter gården *Ārendzēnu* og brukeren *Jānis*) og *Mesche Jurran Mickel* (etter gården *Meža Jurānu* og brukeren *Miķelis*). Det foranstilte gårdsnavnet ble som regel skrevet i genitiv for å uttrykke samhörighetsforhold. Tjenestefolk, som til vanlig skiftet bosted hvert år, ble omtalt ved fornavnet og navnet på bonden de tjenestegjorde hos.

Da livegenskap ble avskaffet i Latvia i 1817, økte bøndenes mulighet til å flytte på seg. Samtidig utgav tsar Aleksander 1. av Russland forskrifter om tildeling av etternavn til befolkningen i Latvia.⁴ Disse forskriftene ble etterfulgt av instruksjer og regler angående den praktiske delen av etternavnstildelingen, utsendt av generalguvernør i den baltiske provins Marki Paulučī. Disse tiltakene var et direkte svar på behovet for et i lovens forstand fast og gyldig etternavn som skulle lette identifikasjonen av det enkelte individ. De nye etternavna skulle brukes både av myndighetene og befolkningen generelt.

I forskriftene kan vi lese følgende: «For å gjøre det lettere for staten å identifisere enhver slekt og hvert enkelt individ er det påbudt å ta et fast og arvelig etternavn som velges av slektens overhode. Det er ikke tillatt å forandre det valgte etternavnet etter at det er blitt innskrevet i navnerullen (revisjonsregisteret).» Etternavna skulle ha en praktisk funksjon, dvs. gjøre det lettere å holde de tallrike *Pēteris*, *Jānis* og *Juris* fra hverandre. Ved Alsviķugodset har man i 1816 registrert 88 menn som het *Jānis*, 61 *Pēteris*, 56 *Sīmanis*, 46 *Juris* og 40 *Andrejs*. 408 menn som var registrert ved godset, hadde til sammen 27 forskjellige fornavn. De 416 kvinnene ved godset delte 21 fornavn. Det var 76 som het *Anna*, 58 *Līze*, 45 *Ilze*, 44 *Grieta* og 41 *Marija*. Og det var ikke et særtrekk for dette godset. Det var et meget vanlig bilde i hele landet på den tiden.

Frem til 1826 foregikk det en innskrivning av selvvalgte etternavn i Vidzeme, og i perioden 1834–35 i Kurzeme (Kurland). Befolkningen fra hele bygdelag møtte opp for å få tildelt eller velge et arvelig etternavn til seg selv

⁴ Latvia var russisk provins fra begynnelsen av 1700-tallet og frem til 1918.

og sin familie. I teorien skulle alle velge sine etternavn, men i praksis var det annerledes. Ofte var det godseieren som bestemte hvilke etternavn bøndene skulle få. Derfor kan vi finne etternavn med italiensk klang som *Barloti*, *Martinelli*, *Rosini* og *Pandaloni*. Grunnen til at godseieren valgte slike etternavn til sine bønder, var at han hadde en sterk motvilje mot generalguvernør Marki Pauluči, som var italiener.

I et dokument fra 1822 kan vi lese at Jānis fra gården Tabiņu valgte å ta *Pētersons* som etternavn. I protokollen er han oppført med både gårdsnavnet, fornavnet, yrkesbetegnelsen (skogvokter) og det nye etternavnet. Videre står det at Juris fra gården Ābeles valgte å hete *Kārklīņš*. Og det var slett ikke sjelden at man valgte andre navn enn gårdsnavn til etternavn.

Selv om etternavna som var valgt, hadde en formell funksjon, betød det ikke nødvendigvis at man brukte dem. Et tydelig eksempel finner vi i et rettsdokument fra 1824. Det er nevnt fem personer i dokumentet – tre huseiere, en tjenestegutt og en huseierinne. Alle er omtalt ved fornavn og husnavn, men tjenestegutten er nevnt ved farsyrket i tillegg til fornavnet. Det vi vet, er at alle fem allerede da hadde faste etternavn.

Man observerte at det å velge et etternavn kunne skape en del problemer hos folk flest. Særlig eldre folk kunne være nokså likegyldige når det gjaldt etternavnvalget. Det dukket opp etternavn av typen «Vet-ikke», f.eks. *Nefinna Liese Jahns Tochter* og *Nefin Mahrz Jacobs Sohn*, eller «Ikke-noe», f.eks. *Anekohn Peter Jahns Sohn*.

For å gjøre navnevalget lettere og å unngå uheldige valg ble det utgitt anbefalinger og lister over gode latviske etternavn. I kalenderen for 1823 stod det «at man bør velge et etternavn som ingen andre har, slik at en slekt lett kan skilles fra en annen; at man ikke bør velge et farsnavn, dvs. patronymikon, til etternavn siden mange heter *Ādamsons*, *Jansons*, eller *Pētersons* fra før; at man ikke bør velge et tysk eller et polsk etternavn; at man bør velge et etternavn som betyr noe, har innhold, siden slike navn er lettere å huske enn bare lydkombinasjoner; at også husnavn og gårdsnavn er en bra kilde å hente etternavnsemne fra».

Folk ble også oppfordret til å velge korte former i stedet for diminutivformen av etternavnet. For eksempel burde man ta *Ozols* i stedet for *Ozoliņš* av substantivet *ozols* ‘eik’, *Auns* i stedet for *Auniņš* av substantivet *auns* ‘saubukk’, eller *Kalns* i stedet for *Kalniņš* av *kalns* ‘berg’. Eksemplene i listene var hentet fra plantelivet, fra navn på trær og busker til navn på blomster og kornslag, eller fra dyrelivet hvor navn på villdyr, husdyr, fugler, fisk og insekter var brukbare. Man kunne selvfølgelig velge navn fra ting man brukte i dagliglivet, som *Krūze* av *krūze* ‘kopp’, eller velge en yrkesbetegnelse som *Kurpnieks* ‘skomaker’, *Mednieks* ‘jeger’ eller *Kalējs* ‘smed’. Eksemplene var

mange og man kunne registrere at enkelte godseiere benyttet seg godt av listene og gav folk etternavn i nøyaktig samme rekkefølge som i listene.

Skikken med faste etternavn er ikke helt ukjent før 1800-tallet. I Riga finner man de første slektsnavna allerede på 1400- og 1500-tallet båret av tyske embetsmenn. Også blant lokalbefolkningen som bodde i byene, finner vi en tidlig bruk av etternavn. I 1503 var det en slekt hvis navn var *Gailis* 'hane'. Og vi finner lokale håndverkere registrert med etternavn som *Bullis* 'okse', *Melns* 'svart', *Lācis* 'bjørn', *Podnieks* 'pottemaker', *Spēlmanis* 'spillemann', *Vilks* 'ulv' og *Zutis* 'ål'. Analyserer vi etternavn fra 1530- og 1540-årene, ser vi at de opprinnelig kunne være tilnavn: *Bullis* og *Lācis* er uttrykk for styrke og rå kraft, og *Zutis* forteller om navnebærerens evne til å være sleip.

4 Etternavn etter semantisk innhold

4.1 Bostedsnavn (hovedsakelig etternavn av gårdsnavntypen)

Den mest utbredte etternavntypen i Norge er gårdsnavntypen. Denne gruppen inneholder svært mange navn selv om mange av dem har forholdsvis få bærere. I Latvia er situasjonen ganske annerledes. Det var ytterst få som valgte gårdsnavn til etternavn. Vi finner nok noen få eksempler på det. Gailit Jacob Daws Sohn tok etternavn etter husnavnet *Gailit* (av *gailis* 'hane'), og Jaunsem Simon Jurrs Sohn tok etternavn etter husnavnet *Jaunsem* (av *Jaunzems*). Det at det er så få latviske etternavn av gårdsnavntypen, er vanskelig å forklare. Man skulle tro at det var en naturlig vei å gå når man skulle velge et etternavn. Ikke minst ble allmennheten oppfordret til å velge gårdsnavn til etternavn. I Norge hadde man nok en lang tradisjon med et etterstilt gårdsnavn som tilnavn, og det var godt innarbeidet blant folk, mens i Latvia var det en lang praksis (frem til 1899) med et foranstilt gårdsnavn når man skulle omtale en person, og etternavngivningen skjedde dessuten meget raskt.

4.2 Farsnavn (sekundærpatronymika som etternavn)

I Latvia er *sen*-navna godt kjent. Det bekreftes av topp 15-listen over latviske etternavn. Der finner vi *Jansons* på fjerde plass og *Pētersons* litt lenger nede. Stort sett brukte man farsnavn sammen med slektskapsbetegnelsen *sohn* (*Jacob Jurs Sohn*, dvs. Jakob sønnen til Juris) for å kunne skille rent praktisk mellom de mange *Jakob*-er. Vi kan regne slike *sen*-navn for en germanisme. Man tilføyde *-sohn* til farsnavnet, og i noen tilfeller til sitt eget navn eller bestefars navn. Etter hvert fikk *sohn* en mer latvisk form, *son*, og fikk den latviske endelsen *-s* for maskuline ord. Oftest ble det brukt fornavn som *Jānis*, *Pēteris*, *Mārtiņš*, *Kārlis* og *Miķelis*.

4.3 Tilnavn (yrkesbetegnelser og kjennenaavn)

Både i Norge og i Latvia finner vi mange håndverkernavn, særlig av tysk opphav, som er blitt etternavn. Eksempelvis vil jeg nevne *Schmidt* og *Smidt* i Norge og *Šmits* og *Kalējs* i Latvia. Det latviske etternavnet *Kalējs*, av yrkesbetegnelsen *kalējs* ‘smed’, er kanskje ikke det mest utbredte etternavnet, men er godt kjent og ikke minst ett av de eldste etternavna.

Tilnavn som etternavn er et meget utbredt fenomen i Latvia. For å illustrere det kan jeg nevne disse navna med utgangspunkt i substantivet *bārda* ‘skjegg’: *Bārda*, *Bārdiņš* ‘lille skjegg’, *Baltbārdis* ‘den med det hvite skjegget’, *Bez-bārdis* ‘den uten skjegg’, *Biezbārda* ‘den med det tykke skjegget’, *Lielbārdis* ‘den med det store skjegget’, *Melnbārdis* ‘den med det svarte skjegget’, *Platbārdis* ‘den med det brede skjegget’, *Rudbārdis* ‘den med det rødlige skjegget’, *Sarkanbārdis* ‘den med det røde skjegget’, *Sirnbārdis* ‘den med det grå skjegget’ og *Zilbārdis* ‘den med det blå skjegget’. I Norge finner vi derimot meget få eksempler av denne typen etternavn.

4.4 Ord fra planteliv

Den mest vanlige etternavntypen i Latvia er etternavn dannet av appellativer hentet fra planteverdenen. Innledningsvis nevnte jeg *Bērziņš* ‘bjørk’, *Liepiņš* ‘lind’, *Ozoliņš* og *Ozols* ‘eik’. Vi kan også lese i anbefalinger av valg av etternavn at appellativer hentet fra planteverdenen er gode etternavnemne. Riktig nok finner vi *Bjørk*, *Lind* og *Eik* blant de norske etternavna, men disse er opprinnelig gårdsnavn.

5 Oppsummering

Når det gjelder valg av etternavn, er praksisen meget forskjellig i Norge og Latvia. I Norge regulerte loven av 1923 et mønster som for lengst var innarbeidet, og der gårdsnavntypen kom til å dominere ved siden av sekundærpatronymika. I Latvia er også sekundærpatronymika velkjente, men derimot var det ytterst få som tok husnavn eller gårdsnavn som etternavn. De fleste valgte å bruke ord fra plantelivet eller dyrelivet, eller yrkesbetegnelser. Dessuten spiller suffiks en stor rolle ved danning av etternavn i latvisk. Tidligere tilnavn ble også brukt som faste etternavn siden de var godt innarbeidet blant befolkningen.

Jana Liepina Vollestad
jana@vollestad.no

NAVNEFORSKNING OG SAMFUNNSFORSKNING¹

Navneforskning kan spille en rolle i moderne samfunnsforskning som en hjelpevitenskap, men vi må vel innrømme at denne rollen er relativt marginal. Fag som politisk og sosial historie og geografi spiller nok noe mer sentrale roller, mens navneforskningen på mange måter brukes som en slags symbolsk arkeologi av samfunnsforskere. I gamle navn og navneformer kan historisk orienterte sosiologer og statsvitere finne levninger av tidligere tiders sosiale endringer. At det er relativt lite av slik forskning i Norge, bør ikke navneforskerne lastes for. Etter mitt syn er det et utvilsomt potensial i denne forskningen, særlig innen studier av langsiktige samfunnsendringer og i sammenhenger der samfunnsviternes klassiske data – statistikk – ikke er tilgjengelig.

Ikke for det. Samfunnsforskerne har selvsagt også sine forestillinger om navneforskere. År om annet registrerer vi at navneforskere gjennom SSB publiserer statistikker over fordelinger av fornavn og kommenterer forandringer i disse fordelingene. De fleste av oss synes vel dette kan være artig lesning, men som problematikk blekner det hele litt i forhold til for eksempel demokratisering i Øst-Europa eller styringsproblemer i Afrika.

Vi ser kanskje noe større relevans for oss i studier av stedsnavns etymologi. Viktige internasjonale studier av konsekvensene av de store demografiske omveltninger i Europa som en følge av svartedauden og andre pester er i stor grad basert på stedsnavnsetymologi som primærkilder, f.eks. forekomsten av analoge navn til våre «Ødegårder» i andre europeiske land.²

Selvsagt kan studiet av navneendringer også bidra til sosialvitenskapelig innsikt når vi ser på sosial endring i nyere tid og rettet mer mot individer. Men her må denne type data «konkurrere» med et vell av andre kilder som meningsmålinger, kartlegging og allmenne tekster.

Et eksempel på slik bruk kan være mitt eget navn. Jeg skal forbigå etternavnets etymologi i stillhet fordi jeg har en beklemmende følelse av at *Aarebrot* kan ha noe å gjøre med brannskatting og vrakplyndring i middelalderens Sunnfjord. Fornavnene sier derimot muligens noe om det selvstendige Norges nye internasjonale orientering etter 1905. Fra svært langt tilbake, helt sikkert tilbake til folketellingen i 1801, har navnene *Anders* og *Henrik* vekslet i annenhver generasjon i min familie. Min bestefar het da også *Henrik* og døpte sin eldste sønn *Anders*. Da min far ble født i 1911 som sønn nummer to, stod

¹ Innlegg holdt på Den 11. nasjonale konferansen i namnegransking, Blindern 10. november 2006. Her noe omarbeidet.

² Se f.eks. Perry Andersons monumentale verk *Passages from Antiquity to Feudalism* og *Lineages of the Absolutist State* (begge London: New Left Books, 1974).

altså bestefar fritt til å velge navn. Valget falt på *Knut* med det anglo-amerikanske *Frank* som mellomnavn. Jeg tror imidlertid at begge navn var et uttrykk for begeistring for de atlantiske stormakter som både representerte drømmen om et bedre liv og var det nye Norges sikkerhetsgaranti. I min bestemors familie var den mest berømte – dog fjerne – slektning en guvernør og senator i Minnesota, Knute Nelson. Da jeg kom til verden som førstefødt i 1947, var ikke denne begeistringen blitt mindre etter krigen. Nå rykket *Frank* opp til fornavn, mens den gamle familietradisjonen ikke helt ble neglisjert, og min bestefars fornavn, *Henrik*, ble mellomnavn. Dette er likevel tanker om navn på det private plan. Kan tilsvarende resonnementer generaliseres og formuleres som samfunnsvitenskapelige problemstillinger?

Et eksempel kan være studiet av mellomnavn som kilde til forståelse av samfunnsstruktur og sosial mobilitet. Her til lands har det foregått en utvikling fra patronymika som mellomnavn til etternavn. Denne utviklingen har funnet sted i tre faser. Opprinnelig var patronymikonet funksjonelt, som i Russland, som farsnavn etterfulgt av *-son* eller *-sen*. På et tidspunkt ble dette patronymikonet fast selv om familiefornavn fremdeles vekslet mellom generasjonene. Da økte også sannsynligheten for repetitive kombinasjoner som *Hans Hansen* og *Ole Olsen*. Endelig, gjerne i tilknytning til geografisk mobilitet og forestillinger om modernisering ved urbanisering eller emigrasjon til USA, foretok mange familier et valg mellom det tradisjonelle etternavnet, gjerne et gårdsnavn, og patronymikonet, som mange syntes lød mer urbant og moderne. Jeg føler meg rimelig overbevist om at man ved å tidfeste disse tre fasene i ulike deler av landet kan få et bilde av den geografiske spredning av forestillinger om modernisering.

Studiet av etternavn har også interessante komparative aspekter. Tradisjonelt har menneskene tre ulike boformer på landsbygda i Europa. Her i Norden opphevet vi teigblandingen relativt tidlig, og familiebruk med våningshus på bruket ble det normale. Her ble etternavnet identisk med navnet på bruket, som gjerne var landskapsbeskrivende. Navnet kunne nærmest sammenlignes med en postadresse; man kunne bruke det til å finne frem til personen. Dette blir tydelig når vi betrakter at det var en vanlig praksis at når en mann giftet seg med en odelsjente, så var det mannen som skiftet til hennes etternavn. I Storbritannia og på kontinentet bodde folk i hovedsak i større, yrkesdifferensierte landsbyer. Her ble etternavnet gjerne det yrket vedkommende hadde – navn som *Smith* og *Baker*.³ I Øst-Europa og Russland bodde gjerne bøndene i

³ Det er interessant at det norske ordet *tun* og det engelske *town* har felles opprinnelse. Mens den moderne betydning av *tun* refererer til området rundt våningshuset på en gård, så var betydningen under teigblandingen en samling gårdsbygninger med flere våningshus som dyrket en del av bygda (*Agatun* i Hardanger). Det engelske *town* har imidlertid betydningen 'småby'. Det er lett å forestille seg at en yrkesdifferensiert landsby kan vokse til en småby.

udifferensierte landsbyer med lite utviklet pengeøkonomi som gav begrensede muligheter for spesialiserte yrker. Her ble følgelig etternavnet verken landskapsbeskrivende etter yrkesbasert. Men noe måtte man jo bruke for å vite hvem man snakket om. Patronymikonet som mellomnavn var til stor hjelp. Derfor fortsatte generasjonsvekslende patronymika i dette området helt til våre dager. Utover dette brukte man fysiske trekk ved personen som merkelapp og etternavn – gjerne derogative trekk. *Gorbatsjov* antyder at en av Sovjetunionens siste leders forfedre var pukkelrygget, mens *Einstein* forteller at en av den store fysikers aner engang i en jiddisk shetel ble påstått bare å ha én testikkel. Slik speiler navn sosiale strukturer, arbeidsdeling og omgangsformer og burde følgelig interessere samfunnsforskere.

Fornavnforskning er det vanskeligere å forestille seg som kilde for omfattende samfunnsvitenskapelige problemstillinger. En mulighet har jeg allerede nevnt fra min egen familie: Studier av internasjonal påvirkning. Denne påvirkningen kan ha andre kilder enn allmenne internasjonale sympatier. En slik kilde er globalisering av fjernsynsinnhold, som amerikanske såpeoperaer. Det nye jentenavnet *Kristel* er umulig ikke å forbinde med «Dynastiet». Konge-, og særlig dronning- og prinsessestoff, i ukebladene har vel påvirket også en del navnevalg helt tilbake til 1890-årene. For en statsviter er profilerte politikere en artig navnekilde. Det ble vel født en del *Adolf*-er under Det tredje rike. På mer fredelig, hjemlig og demokratisk grunn kan man forestille seg flere *Jon*-er blant høyrefolk etter Kings Bay-debatten og flere *Gro*-er i Ap-familier etter kvinneregjeringen. Men dette er ikke eksempler på at samfunnsforskningen benytter navneforskningen, men snarere det omvendte.

Det finnes imidlertid et eksempel på en direkte hypotese om navns påvirkning på politikk i form av en anekdote fra mitt eget spesialfelt – valgforskningen. Det påstås at på Hedmark og Oppland i 1930- og 1950-årene kunne man predikere hva en person stemte på grunnlag av antall stavelser i etternavnet. *Mo* og *Li* stemte Bondepartiet; *Liland* og *Moholt* stemte Arbeiderpartiet; *Perstulia* og *Nilsmoplassen* stemte på kommunistene. Forklaringen var at i disse klassedelte bygdene var gårdsnavnets lengde uttrykk for henholdsvis en gammel helgård, en nybrottsgård på skinnere jord med matrikkel og en liten, fattig husmannsplass uten odel og matrikkel.

Under enhver omstendighet vil navn og navneendinger kunne være til inspirasjon for oss som arbeider med samfunnsstruktur og samfunnsendringer.

Frank Aarebrot
frank.aarebrot@isp.uib.no

BOKOMTALAR

URBANE BORGARSKAPSNAMN

Per Olav Tiller: *Fredrikkes fryd og Louises lyst. Natur og kultur i Trondheims stedsnavn*. Pax Forlag, Oslo 2006. 85 sider.

Fredrikkefryd og *Louiselyst* er namn frå det gamle Strinda, no solid inkorporert i Trondheim. Begge er i utgangspunktet namn på gardpartar, medan *Louiselyst* i dag først og fremst er kjent som eit populært restauranthus. Kven Fredrikke var, er ikkje heilt klårt, men Louise var kona til ein av dei første eigarane av denne parsellen. Han som opphavleg bygsla her, kalla eigedommen *Ballyshannon*, etter den irske byen kona hans kom frå. Også dette namnet er kjent enno i dag.

Dette kan neppe seiast å vera erketyriske namn på norske gardsbruk. Vi er her borti ei namnegruppe som er særprega for bynære område. Det er sosialpsykologen, professor emeritus Per Olav Tiller, som tidlegare mellom anna har arbeidd ved Norsk senter for barneforskning i Trondheim, som har skrive det vi kan kalle ei kulturhistorisk rundreise i Trondheim, med utgangspunkt i slike namn. På kjøpet får vi i starten av boka eit stutt oversyn over den totale namnekulturen i og ikring Trondheim.

Tiller har som pensjonist gjeve ut fleire bøker med minne frå Trondheim. Han har også tidlegare synt interesse for stadnamn, mellom anna har han diskutert avgrensinga av bydelen Møllenberg.

På slutten av 1700-talet vart det mote for dei velstående borgarane i Trondheim å bygge seg lystgardar der dei kunne feriere. Slike vart gjerne kalla opp etter koner og døtrer, som *Othilienborg* og *Charlottenlund*. Dei kunne også få romantiske namn som *Elverhøi*, *Fortuna* eller *Nøisomhet*. Eit karakteristisk formelt drag vi møter i slike namn, er den tyske genitiven *-en-*, som vi ser i namn som *Lerkendal* og *Rosenborg*. Denne namnekulturen spreidde seg etter kvart også utanom lystgardar og «landsted».

Det ligg naturleg nok inga sjølvstendig gransking bak denne boka, og ho har dermed også sine manglar. Først og fremst saknar eg eit register over dei namna som er omtala. Elles synest eg det er litt underleg at ikkje Wilhelm K. Støren: *Sted og navn i Trondheim* er med på litteraturlista, men det kan hende at tilsvarande opplysningar er henta frå andre stader, t.d. *Trondheim byleksikon* frå 1996. Forfattaren kunne også med fordel operert med eit meir tydeleg skilje mellom folkeleg framvaksne namn og namn som er sette på ved medviten dåp. Namnefagleg har boka altså heller lite å gje.

Men det skal seiast at Tiller har skrive ei triveleg bok som vil kunne lesast med glede og interesse av ikkje-fagfolk. Ho er rikt illustrert og krydra med høvelege vise- og songtekster og gjev eit bilete av ein kultur og namnetradisjon det er gjort lite med her i landet.

Tor Erik Jenstad
tor.erik.jenstad@hf.ntnu.no
(som bur på Charlottenlund)

NYTT BAND FRÅ DEN 21. INTERNASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING

Proceedings of the 21st International Congress of Onomastic Sciences. Uppsala 19–24 August 2002. 2. Red. av Eva Brylla og Mats Wahlberg med tilskot av Lars-Erik Edlund. Språk- och folkminnesinstitutet, Uppsala 2006. 332 s.

Det tidkrevjande arbeidet med å gje ut føredraga frå Den 21. internasjonale kongressen i namnegransking går jamt og trutt i Uppsala. Det fyrste bandet kom i 2004 og det andre i 2006. Band 2 har til saman 30 føredrag frå seksjonen «Names and society. Names as sources». Dessutan har Lars-Erik Edlund ei kort oppsummering av det som gjekk føre seg i seksjonen. Av føredraga er atten på engelsk, ni på tysk og tre på fransk, og føredragshaldarane representerer i alt sytten ulike land. Namn og samfunn/namn som kjelder kan innehalda mange ulike vinklingar av namnestudiet, og boka er eit verdfullt tilskot til onomastisk kunnskap. Her nøyer me oss med å føra opp titlane på føredraga til dei fire norske deltakarane i seksjonen: *Anders Løø* skriv om «*Skarel: ein seltsamer südsamischer Name – oder?*» [*Skarel*, eit sjeldsynt sørsamisk namn – eller?]. *Gudlaug Nedreli*d tek føre seg «*Frauenbeinamen als Spiegel der Gesellschaft*» [Kvinnenamn som spegel av samfunnet], Inge Særheim drøfter «*‘Notau ... udi Karmsund’. Toponyms from southwestern Norway reflecting language contact in mediaeval times*» [«*Notau ... udi Karmsund*». Stadnamn frå det sørvestlege Noreg som speglar språkkontakt i mellomalderen], medan Tom Schmidt har overskrifta «*The settlement of a Norwegian mountain valley through the evidence of place-names*» [Busetnaden i ein norsk fjelldal gjennom opplysningane som stadnamn gjev].

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

INTERNASJONALT LEKSIKON OVER STADNAMNLEDD

Joel F. Mann: *An International Glossary of Place Name Elements*. Scarecrow Press, Lanham – Toronto – Oxford 2005. XXII + 189 sider.

Ein skulle tru det ville vera halslaus gjerning å gje ut eit eit slikt oppslagsverk. Det finst minst 6000 språk i verda (forfattaren seier 8000), og det må finnast millionar av stadnamn og stadnamnledd å velja mellom. Avgrensing må følgeleg til, og forfattaren har valt ut godt 9000 ledd i stadnamn frå ca. 330 språk. Ikkje mange stadnamnspecialistar eller lingvistar ville på eiga hand gått laus på ei slik formidabel oppgåve, men ein amatør innan fagområdet har faktisk gjort det. Etter eigne opplysningar er han utdanna «medical technologist», med ei glødande interesse for slektsgransking og stadnamn. Dette lovar ikkje godt, men boka er utgjeven på eit seriøst forlag.

Sidan boka tek for seg ikkje så få ledd og namn frå det nordiske området, har ho krav på ein liten omtale. Eg har ikkje gått systematisk gjennom alle dei 189 sidene, men ei rask gjennomsnittsteljing gjev imponerande 350 ledd frå nordiskspråklege stadnamn. Sidan forfattaren ikkje brukar diakritiske teikn eller bokstavar som ikkje finst i det engelske alfabetet, vil mange av oppslagsorda forvirra nordiske lesarar.

Oppslaget «*aa*: (Danish) river [Aarhus, Denmark]» er rett nok, men feil blir «*a*: (Swedish) water» både i oppslagsordet og språket i parentes og forklaringa etterpå. Oppslaget burde vore slik: «*å* (Norwegian and Swedish) stream, river». Likeins er oppslagsordet *a* upresist for norrønt *á*. Heller ikkje den vanlege bokstaven *ä* er brukt i svenske ord, t.d. «*alv*: (Swedish) river» for *älv*. Det frekvente leddet *ås* er attgjeve slik: «*as*: (Icelandic) small hill, ridge» og «*as*: (Norwegian) ridge» med greie nok opplysningar, men oppslagsorda burde vore *áss* og *ås*, dessutan er svensk ikkje med under *ås*. Oppslaget «*breithr*: (Old Norse) broad [Breithatofir, Iceland]» illustrerer den manglande bruken av norrøne bokstavar.

Forfattaren avslører manglande kjennskap til skiljet mellom ubunden og bunden form av substantiv på norsk og svensk med oppslagsformer som «*broen*: (Norwegian) bridge» og «*holmen*: (Norwegian) islet», og det finst ikkje så få feil i geografisk heimfesting.

Frå ein nordisk synsstad er det lett å kritisera denne boka. Det finst feil og mistydingar av mange slag, som ikkje er anna å venta når konsulentar ikkje har sett gjennom manus. Ein nordisk-kunnig konsulent ville lett ha plukka ut dei fleste. Men me må ikkje oversjå at mange av opplysningane er rette nok, t.d. «*sti*: (Norwegian) footpath», «*vik* (Old Norse/Norwegian/Icelandic/Swedish) inlet, bay [Narvik, Norway]» og «*vegr*: (Old Norse) way [Norway]».

Boka vil fungera på sitt vis som eit referanseverk for lesarar som er opptekne av stadnamn i andre land. Som forfattaren sjølv gjer merksam på, kan du ikkje her slå opp stadnamnet direkte, men med litt hell vil du finna leddet eller ledda i namnet, som i *Narvik* under oppslaget *vik*.

Litteraturlista syner at forfattaren har orientert seg godt i engelskspråkleg faglitteratur og funne fram til aktuelle nettstader på internettet. Forlaget må ta noko av ansvaret for den manglande konsulentbruken, som dessverre vil føra til at feil, utelatingar og mistydingar vert sementerte i ei fagbok av dette slaget. Det kjem så lite på trykk på engelsk om skandinavisk namneverk for folk flest at ei tyngre fagleg motvekt vanskeleg kan tenkjast.

Olav Veka
veka@online.no

VAD HETER NORGE PÅ OLIKA SPRÅK?

Vigleik Leira: *Geografiske navn i flere språk*. Novus forlag, Oslo 2006. 425 sider.

Vad heter *Norge* på ulike språk? Vad heter *London* och *Storbritannien* på nederländska? Vad heter *Donau* i alla länder den rinner genom? Vad är en *exonym*, och vad är en *endonym*?

För att få svar på den typen av frågor har man hittills fått söka i många olika atlaser, uppslagsverk och i diverse listor på nätet. I denna bok är sådana upplysningar samlade i ett enda band.

Vigleik Leira var anställd vid Norsk språkråds sekretariat 1975–2001 och låg bl.a. bakom boken *Geografilista*, som kom ut 1991. Den är en lista över hur utländska ortnamn bör skrivas på norska och var något av ett pionjärverk. Detta gäller i än högre grad det här aktuella arbetet. Boken vänder sig visserligen i första hand till en norsk publik, men även jag har som svensk stor användning och glädje av boken. På många sätt är detta ju frågor som är gemensamma för de nordiska språken, bl.a. manifesterat i *Statsnavne og nationalitetsord*, utgiven av Nordisk språksekretariat 1994. Som den titeln anger tas där dock upp endast namn på länder, inte andra ortnamn. Så är det också i den svenska publikationen *Utrikes namnbok*, som fr.o.m. 5:e upplagan (1998) har en sådan sammanställning. Däremot saknar vi alltså redovisningar av den typ man får i *Geografiske navn i flere språk*.

Leira tar med ortnamn från hela världen. Avsikten är att orientera om hur ortnamnen ser ut i andra språk än norska, både när de har samma form som på norska och när de avviker från den norska formen. Som «avvikande» betraktas ett namn med minst en annan bokstav, t.ex. *America* kontra *Amerika*.

Bokens huvudkapitel har rubriken «Geografiske navn i diverse språk» och utgörs av listorna «Fra norsk til andre språk» och «Fra andre språk til norsk». Här finns också avsnittet «Fra gresk til norsk», som ger de grekiska namnformerna i huvudlistan i grekisk alfabetisk ordning samt «Fra kyrillisk til norsk» med motsvarande redovisning, mest av ryska former. Dessa namn återges både i transkriberade och egna former. Namn i språk med andra skriftsystem än dessa återges bara i transkriberade former, exempelvis kinesiska namn med standardiserade former i det latinska alfabetet genom pinyin-systemet.

Transkriptionsproblematiken får dessutom ett eget kapitel. Detta är uppdelat i avsnitt om transkription av namn från nygrekiska och ryska, av namn med icke-rysk kyrillisk skrift samt av kinesiska namn. Det sistnämnda innehåller också omformningstabeller från Wade-Gilessystemet till pinyin och omvänt (såsom *Beijing* för *Peking*). Ett nyttigt kapitel för den intresserade!

Huvudlistan är ett urval av mer eller mindre kända namn, för det mesta från sådana europeiska språk som är bekanta för norska läsare. Bland de talrika källorna framhåller Leira särskilt Peeter Pälls *Maailma kohanimed* (1999, «Geographical Names of the World», också tillgänglig via www.eki.ee), som han haft stor nytta av.

En typisk artikel i huvudavsnittet «Fra norsk til andre språk» har som uppslagsform den norska skrivningen av ett namn i fetstil. Om namnet dessutom skrivs i kursiv, är det en upplysning om att detta är endonymen, d.v.s. den inhemska formen. Kursiv används alltid för att ange endonymer – alltså oavsett var i artikeln de finns – och detta är ett utmärkt pedagogiskt grepp.

När bokmål och nynorsk har olik skrivning av ett namn, markeras detta med ett snedstreck, t.ex. «Antillene/Antillane» (exonymer!) och «Norge/Noreg» (endonymer!). Det senare exemplet får illustrera en typisk artikel och ser i sin helhet ut så här:

Norge/Noreg stat i Europa; An Iorua (irsk),
 Noreg (fær.), Noregur (isl.), Norga (sam.),
 Norge (da., sv.), Norja (fi.), Noorwegen (ned.),
 Norra (est.), Norsko (tsj.), Noruega (port., sp.),
 Norveç (tyr.), Norvège (fr.), Norvegia (it.,
 rum.), Norvégia (ung.), Norvegija (lit., ru.
 Норвѣгія), Norvēģija (latv.), Norvijia (gr.
 Νορβηγία), Norway (eng.), Norwegen (ty.),
 Norwegia (po.)

Listan på språk som finns med är lång, från abchaziska till zulu. Ett kapitel på cirka 20 sidor ägnas åt viktiga geografiska ord, från norska till andra språk och omvänt. Exempelvis får man i den ena listan veta vad norska *elv* heter på 29 andra språk. I den andra kan man för ordet *gji* konstatera att det är albanska för 'buk'!

Boken avslutas med en förteckning över litteratur och nätadresser. Den ger ett något ojämnt intryck, och som anställd vid f.d. Språk- och folkminnesinstitutet (SOFI) vill jag passa på att både informera och korrigera. Myndigheten omorganiserades den 1 juli 2006 och bytte då namn till Institutet för språk och folkminnen. Svenska språknämnden och Sverigefinska språknämnden ingår sedan dess i institutet som en avdelning med namnet Språkrådet. Tills vidare nås avdelningen både via www.sprakradet, se och www.sofi.se.

Det senast sagda skall endast ses som en marginalanmärkning. Vagleik Leira har åstadkommit ett stort arbete, som kommer att bli ett standardverk i branschen. Det får bli en utmaning för oss andra att försöka göra något liknande på respektive hemmaplaner!

Leif Nilsson, Uppsala
leif.nilsson@sofi.se

TILHØVET MELLOM ELVENAMN OG INNSJØNAMN

Kristina Neumüller: *Vattensjön och Vattenån. Samband mellan sjönamn och ånamn i Medelpad*. (Acta Academiae Regiae Gustavi Adolphi XCVI.) Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur, Uppsala 2007. 226 sider.

Kristina Neumüller har nyleg framstilt seg for «filosofie doktorsexamen» ved Uppsala universitet med avhandlinga *Vattensjön och Vattenån. Samband mellom sjönamn och ånamn i Medelpad*. Som tittelen fortel, er det ei undersøking av tilhøvet mellom innsjønamn og elvenamn, og då med vekt på både morfologiske og semantiske sider. Fleire nordiske namnegranskarar har kome inn på dette spørsmålet i samband med einskildnamn, særleg kan Elof Hellquist og Sigurd Fries nemnast, men så vidt eg veit, har ingen teke det opp på grunnlag av eit meir samla namnetilfang.

Avhandlinga er delt i fem kapitler. Det fyrste er ei tilnærming til emnet der dei teoretiske og metodiske sidene vert gjennomgått. Eit sentralt spørsmål er kva som er primærnamnet ved slike namnepar, om det er elvenamnet eller

innsjønamnet. For å avgjera «namnprioriteten» meiner forfattaren ein kan byggja på fylgjande tilhøve: 1) språklege og saklege tilhøve, 2) språklege tilhøve, 3) saklege tilhøve ut frå namnetolkinga, 4) saklege tilhøve ut frå andre faktorar. I dette kapitlet vert det òg kort gjort greie for førekomst av slike namnepar i dei nordiske landa, med særleg vekt på Sverige og Noreg.

Kapittel 2 inneheld dei hydronymiske namnepara i undersøkingsområdet Medelpad og er langt det største. Materialet er stilt opp alfabetisk etter innsjønamnet, og det speglar av dominansen til innsjønamna som primærnamn – dei er meir enn ti gonger så vanlege som dei primære elvenamna. Ved nokså mange namn har det likevel vore vanskeleg å avgjera kva som kom fyrst. Ved eldre namn ser det ut til at elvenamnet oftare er det primære. I kapittel 3 vert dei hydronymiske namnepara i Medelpad diskuterte meir samla med omsyn til frekvens, lagingsmåte og ikkje minst namneprioritet. Visse geografiske variasjonar vert òg påviste.

I kapittel 4 vert morfologi og semantikk i dei primære innsjø- og elvenamna drøft. Dei to hovudtypene er gamle usamansette namn, ofte laga ved avleiing som *Fäningen*, *Malungen* (innsjønamn), *Köljan*, *Ångan* (elvenamn), og dei som er samansette, oftast med *-sjö*, *-tjärn* (innsjønamn), *-å*, *-bäck* (elvenamn). Både dei samansette og dei usamansette i båd gruppane står oftast i bunden form. Når det gjeld tyding, byggjer forfattaren på Kurt Zilliacus' tredeling av namngjevingsmotiv (framstilt i *Ortnamnen i Houtskär* frå 1966), nemleg at namnet 1) relaterer lokaliteten til omgjevnaden, 2) uttrykkjer eigenskap ved lokaliteten, 3) fortel om funksjonen som lokaliteten har hatt. Her har Neumüller lagt til ein fjerde kategori: Namn som seier noko om eigenskapen ved det omgjevande terrenget.

Det avsluttande kapittel 5 gjev ei oppsummering, der det m.a. vert konkludert med at hydronymiske namnepar er svært vanlege i Medelpad, og at mønsteret for namnepar til dels har eit eldre grunnlag, men at det òg har utvikla seg yngre namnepar i nyare tid. Ho peikar på geografiske og kronologiske variasjonar og uttrykkjer ynsket om at vassdragsnamna i fleire område burde undersøkjast ut frå eit primærnamn-perspektiv. Det kan denne meldaren seia seg samd i. Men fyrst og fremst skal Kristina Neumüller takkast for eit originalt og fagleg solid arbeid som vil gje alle naturnamninteresserte – og namneinteresserte i det heile – stor lese glede.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

NORSK ORDBOK MIDTVEGS

Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Band VI. *k-kåvå*. Det Norske Samlaget, Oslo 2007. 1602 spalter + XI sider.

Me kjenner godt til at større bokverk lett vert forseinka fordi medarbeidarar ikkje held tidsfristar, men slik er det ikkje med det største ordboksverket i Noreg nokosinne. Tidsplanen vert strengt følgd, og slik må det vera sidan sluttstrek skal setjast hausten 2014 med band 12 til grunnlovsjubileet. Det er ikkje utan grunn at prosjektdirektøren i innleiinga rosar medarbeidarane for at dei «lojalt fylgjer opp dei kvantitative og kvalitative krava som blir sette for han eller henne». Produksjonskravet til medarbeidarane er 530 sider per år!

Etter at band 5 kom ut i 2005, er fleire redaktørar tilsette og opplærde etter ei nyutvikla redigeringsplattform, og i band 6 som no ligg føre, ser me resultatet av denne effektiviseringa. Eit anna konkret resultat er at band 7 er planlagt utgjeve alt våren 2008. Band 6 er det einaste hittil som dekkjer ein einaste bokstav med 1602 spalter, så nær omfanget av det førre band 5 *harm-jåttut* med sine 1604 spalter som det går an å koma.

Ikkje mindre enn 25 redaktørar har delt bokstaven *k* mellom seg. I redaktørlista vil lesaren lett finna ut kven som har skrive dei einskilde ordartiklane, m.a. at Oddrun Grønvik, som også er ein av hovudredaktørane, har redigert det mest krevjande ordet i heile bandet: verbet **koma** med 20 spalter på 10 sider frå tyding **A 1 a** «nærma seg, ...» til **D 2** med tydingsdømet *koma setjande*. Valet av ein røynd redaktør for nett dette tydingskrunglute ordet er knapt tilfelleleg.

Sidan det har lite for seg å gå nærare inn på redigeringsprinsipp, redigeringspråk eller kjeldegrunnlag i melding av kvart einskilband, skal eg nedanfor sjå litt nærare på ordutvalet, både det allmenne og det meir fagspesifikke.

Eg har samanlikna alle ord på *ka-* i ei heilt fersk skuleordliste for nynorsk (Kulbrandstad, Veka og Øygarden: *Ordrett. Ordliste for ungdomssteget. Nynorsk*. Bergen 2007) med ordutvalet i NO for å sjå etter om det finst avvik.

Alle allmennord i ordlista finst også i NO; eit anna resultat hadde vore forunderleg. På norsk er det nærast uråd å følgja eit klart prinsipp for utvalet av samansette ord i ei ordbok, men likevel er det avvik i berre eit einaste ord, nemleg det frekvente *kabinkryssar*, som NO har valt ikkje å ta med.

Fleire avvik finst det i oppslagsformene, mest fordi nynorskordlista primært er ei rettskrivingsordliste for elevar. I NO finst formene *kakerlakk* og *kakelakk*, men berre den fyrste er innanfor gjeldande rettskriving. Det same gjeld formene *kalif* og *kaliff* med *kalif* som offisiell rettskrivingsform i dag. Det kan heita både *kaldvatn* og *kaldvatn*, men den fyrste manglar i NO. Ordet *kali-*

forniar har sideforma *californiar* i offisiell rettskriving og i NO, men den tilsvarende forma *canadiar* manglar etter *kanadiar* og *canadisk* etter *kanadisk*. Både *kinesisk* og *kaudervelsk* er førde opp med genus m., men begge kan vel ha genus n. i setningar som «Ho snakka eit flytande kinesisk». Denne genusvekslinga gjeld mange språknemningar, men genus n. finst berre der kjernen (språk el. mål) i frasen er borte, og dermed vil beskrivarleddet fungera som eit substantiv.

Det seier litt om kor oppdatert ordtilfanget er i NO at heilt moderne ord som *karting* og *kebab* frå nynorskordlista frå 2007 også finst i NO.

Som geografilærar saknar eg samansetjinga *kvartærgeologi* med heile 1450 treff på Google-søk, langt fleire enn dei andre samansette orda med *-geologi*. Dei aller fleste med militærtjeneste frå tiåra etter krigen veit kva ein *kvarting* er, ein liten Dodge lastebil, men denne tydinga er ikkje fanga opp under *kvarting*, heller ikkje *kapok* om liggjeunderlag (kapokmatte) frå den same tenestetida er fanga opp under oppslaget *kapok*.

Desse orda ligg nok i utkanten av det vokabularet lesarane av *Nytt om namn* kan ha interesse av. I utgangspunktet vil eg tru at knapt nokon ord frå folkemålet som finst i stadnamn, vil vanta i NO sidan dei viktigaste kjeldeordbøkene hittil har vore ordbøkene til Aasen, Ross og Schjøtt, som no vert lagde inn i NO. Alle tre arbeidde i prosjektet norsk folkemål med det føremålet å registrera flest mogleg ord med norsk opphav, som me i dag vil kalla arveord. Sidan dei aller fleste stadnamna inneheld folkemålsord av det slaget, kan me vera rimeleg sikre på å finna så godt som alle i NO.

Stikkprøvar har eg teke frå grunnordlista med 23 ord på *k* i mi eiga hovudoppgåve om stadnamn frå Sand i Ryfylke (1971). *Klatra* er namn på ein stein i stølsvegen som gjev ein klaprande lyd når ein trør på han, av **klatra b** «klapra», som nettopp er registrert m.a. frå Suldal i den tydinga, men det tilsvarende substantivet *klatre* f. er ikkje registrert. Under den lange artikkelen om *klovning* er nemnt «**1 a** kvar av dei to delane ein stokk el kubbe (el stein) er kløyvd i» og «**2 a** berg med (store) sprekkar», men den vanlege (vanlegaste?) tydinga i stadnamn «stein med sprekk», jf. namn av typen *Klovningane*, er ikkje merkt ut spesielt. Under **kringle** derimot, etter tyding 2 a «rundt el rundvori punkt el område i terrenget» kjem bruken i stadnamn inn i ein parentes: «(ofte nytta i stadn som t d *Kringla*)». I namnet *Klypa* høver definisjonen i NO under **klype** f. framifrå: «innsnevring i skoglende; trongt dalsøkk», berre så det er sagt. Tydingssamanfall mellom grunnorda og definisjonane i NO er regelen.

Ei slik samling av ordtilfanget i eitt ordboksverk som NO vil gjera arbeidet for namnegranskaren klart lettare, og endå meir tilgjengeleg vil det verta når banda etter kvart vert digitaliserte og søkbare.

Eit lite sukk om orddeling. I dag er hovudregelen at ord ved linjeslutt vert delte mekanisk slik at ein konsonant går til ny linje utan omsyn til ordledd, affiks eller morfem, med urimelege orddelingar som *avleirin-gar*, *farle-ge* og *trestyk-ke*. I 2007 med avansert datateknologi måtte det gå an for trykkjaria å justera orddelingsprogrammet slik at ord vert delte på ein meir naturleg måte.

Band 6 er også eit vitnemål om at Norsk Ordbok er eit imponerande prosjekt, vel gjennomført og vel gjort.

Olav Veka
veka@online.no

INTERNASJONAL ARTIKKELSAMLING OM EKSONYM

Exonyms and the International Standardisation of Geographical Names. Approaches towards the Resolution of an Apparent Contradiction. Red. av Peter Jordan, Milan Orožen Adamič og Paul Woodman. (Wiener Osteuropa Studien 24.) LIT Verlag, Wien 2007. 240 sider.

Det går fram av tittelen på denne artikkelsamlinga, som på norsk måtte verta noko slikt som «Eksonym og den internasjonale normeringa av geografiske namn. Tilnærmingar til resolusjonen om ei tilsynelatande motseiing», at utgjevarane ser med eit visst tvisyn på FN-resolusjonen (eller resolusjonane, for det er fleire resolusjonar som tek opp dette emnet) om å redusera bruken av eksonym (dvs. namn brukte i eit visst språk om eit geografisk objekt som ligg utanfor det området der dette språket har offisiell status, og som har ei anna form av namnet enn den som er brukt i det offisielle språket eller språka i området der det geografiske objektet ligg). Ved Den 8. FN-konferansen om stadnamn i Berlin i 2002 vart det skipa ei arbeidsgruppe som skulle ta for seg dei problema som eksonyma representerer, og det er medlemmer i denne gruppa som står bak artikkelsamlinga som no ligg på bordet.

Boka har tre bolkar: 1) Towards the essence of the exonym [Mot kjernen i eksonymet], 2) How to define exonyms? [Korleis kan ein definera eksonym?], 3) Trends in exonym use [Trender i bruken av eksonym]. I den fyrste bolken har Paul Woodman eit stutt innlegg med tittelen «Exonyms and UNGEGN: An unhappy history» [Exonym og UNGEGN – ei ulukkeleg soge], noko som viser kva tilnærming utgjevarane har til FN-synet på eksonym. Elles gjev denne bolken ei innføring i korleis eksonym kan klassifiserast, samstundes som det vert demonstrert kor mangfaldig slike namn er, og ikkje minst kor

inkonsekvent dei vert nytta. I del to får me ei utgreiing omkring definisjonar av eksonym (i motsetnad til endonym, som er dei namneformene som vert nytta i språket/landet som har namna), og det viser seg at det ikkje er lett å gje nokon eintydig definisjon. Den tredje delen drøfter altså trendar i bruken av eksonym, med grunnlag i ei rekkje språk. For nordiske lesarar er særleg innlegget til Sirkka Paikkala interessant; ho fortel om korleis dei ortografiske normene for skriving av utanlandske stadnamn i Finland voks fram i det 19. hundreåret.

Boka tek opp eit problemfelt som har mange sider, og som heilt sikkert vil visa seg på den internasjonale arenaen i framtida òg. Difor er det vel verdt å få med seg synspunkta og røynslene til dei som har vore med på denne utgjevinga.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

TYSKE STADNAMN I GENITIV

Gunhild Winkler: *Genetivische Ortsnamen in Ostmitteldeutschland und in angrenzenden Gebieten*. (Deutsch-slawische Forschungen zur Namenkunde und Siedlungsgeschichte 41). Akademie Verlag, Berlin 2007. 375 sider + 8 kart.

I Indre Hardanger er det fleire grender der bruksnamna har genitivsform, t.d. *Hemmings*, *Larsa* og *Børves* på Helland i Ullensvang. Namna kan oppfattast som ei avstytt form av typen **Hemmingsbruket* osb. Men genitivsnamn av dette slaget ser ut til å leva eit liv ubunde av eit hovudledd eller grunnord. Namnetypen finst spreidd over store delar av det germanske området, ikkje minst i Tyskland. No har den tyske namnegranskaren Gunhild Winkler i Leipzig skrive og publisert ei doktoravhandling om slike stadnamn i dei austlege og midtre delane av Tyskland og i tilgrensande område.

Det er eit imponerande arbeid som her ligg føre. Etter ein innleiande forskingshistorisk del og eit språkhistorisk oversyn av undersøkingsområdet (Nordostbayern, Sachsen, Thüringen, Böhmen og Schlesien) legg forfattaren i kap. 3 fram materialet, ordna alfabetisk innanfor dei ymse landskapa. Under dei einskilde oppslaga er det teke med historiske belegg som i mange høve går attende til mellomalderen. I ein del namn er det ut frå dei historiske belegga ein kan avgjera at det er tale om genitivnamn.

I kap. 4 vert materialet kategorisert og analysert både diakront og synkront, men her òg vert den distriktsvise inndelinga halden oppe. Forfattaren drøfter materialet på grunnlag av leksikalsk-semantiske og morfologisk-grammatiske kriterium. Det vert skilt mellom propriae og appellativiske basisleksem, t.d. *Heinrichs, Dörfleins* 'liten landsby'. Det vert òg skilt mellom einstava og tostava basisleksem, og mellom ulike saklege tilhøve ved namneobjektet.

I kap. 5 gjev forfattaren ei samla vurdering av granskinga og kjem til at det berre unntaksvis ligg føre eit tidlegare «Grundwort». Ho finn det lite truleg at det er tale om elliptiske lagingar. Kap. 6 er eit ekskurs om «nominativische Namen» i dei aktuelle undersøkingsområda, d.e. personnamn som stadnamn utan genitivsmarkering, t.d. *Heinrich*.

Kap. 7 inneheld eit ekskurs om stadnamn i genitiv i dagens Polen. Her dreiar det seg naturleg nok mest om historiske namneformer ettersom namna i dag er tilpassa polsk. Dette gjeld i stor grad for materialet i Schlesien òg, medan namna i Böhmen i dag vert nytta i tsjekkisk form.

Avhandlinga til Winkler bør ha stor interesse, ikkje berre i dei tyskspråklege områda, men i heile det germanske området. Som nemnt finst typen i dei nordiske landa, og med denne tyske nyvinninga har ein fått eit mykje betre utgangspunkt enn tidlegare for å utføra ei systematisk gransking av nordiske stadnamn i genitiv.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no